

**”Det var Opkjøberiets Skyld –
og saa en liden Smule Fyld”**

"Potetkrigen" i Bergen 1868

Frode Ulvund,
Historisk institutt
UiB 2003

(Utvida versjon av prøveforelesing (sjølvvald tema) til dr.philos-graden ved Universitetet i Bergen
7.11.2002. Også trykt i *Bergens Historiske Forenings skrifter* 98/2003)

Innleiing

"Potetkrigen" i Bergen i 1868 var eit klassisk matopprør, der deler av byallmugen protesterte mot prisar på matvarer, først og fremst på poteter som dei meinte handelsliberalisering og oppkjøparverksemd hadde fordyra. Konfrontasjonar mellom enkelte i denne allmugen og oppkjøparar enda med arrestasjonar og påfølgjande krav om lauslating. Politiet opplevde raskt situasjonen som ute av kontroll, og kalla inn assistanse, først frå garnisonen på Bergenhus og underoffiserskulen, seinare vart også borgarvæpninga mobilisert. Dei to grupperingane førte ein kamp, delvis verbalt og delvis fysisk, om plassen rundt dei sentrale offentlege institusjonane, som fengsel, rådhus og det kombinerte tinghuset/politikammeret. Norsk Folkeblad skreiv eit par veker etter opptrinnet at aldri hadde Bergen "fremvist et saa uhyggelig Skuespil, og aldri hadde Politiet mødt frem med saadan Magt [...]".¹ Styresmaktene fekk etterkvart kontrollen med området, men ikkje utan skadde på begge sider. I ei knapp veke var det militæret nærveret i sentrumsgatene sterkt, og sentrale delar av byen nærast beleira, både av dei regulære styrkane på Bergenhus og av borgarvæpninga.

Dette var siste gong at militære styrkar vart sett inn mot sivile i Bergen i fredstid. Eit naturleg spørsmål i etterkant av dette opptrinnet er korleis bruken av militær makt mot innbyggjarane i Bergen desse dagane skal forståast. Fortel maktbruken noko om tilhøvet mellom byallmugen på den eine sida og styresmaktene på den andre og konfliktnivået mellom dei? Viser potetkrigen korleis reaksjonære styresmakter forsvarte etablerte samfunnsstrukturar med væpna makt, eller fungerte maktbruken først og fremst som ordinært 'ordenspoliti' utan eigentleg sosial brodd mot enkelte samfunnsgrupper? Syntetisert uttrykt; vart militære styrkar nytta som klassemakt eller som ordensmakt under potetkrigen?

Dette overordna spørsmålet vil eg forsøke å belyse gjennom to delspørsmål. For det første er det nødvendig å undersøke kven maktbruken eigentleg vart sett inn mot. Det reiser spørsmålet om kva opprøret eigentleg handla om. Var dette ei sosial reising på grunn av høge levekostnader og sosiale skeivheiter etter handelsliberaliseringa som engasjerte den såkalla "heidarlege" arbeidarklassa, eller gatebråk iscenesett av byens "pøbel" og "utskot"? Med andre ord, var det eit sosialt og politisk farleg opprør eller eit meir uskuldig fyllerør? Dette vil bli undersøkt ved å sjå på kva motiv og årsaker deltakarane sjølve gav uttrykk for, samt å undersøke kven deltakarane var og kva bakgrunn dei hadde. Særleg vil det vere relevant å undersøke om opprøret hadde opphav blant den framveksande industriarbeidargruppa, og om opprøret var godt organisert. Det vil i så fall markere arbeidarrørsla si kome i Bergen. For det andre vil eg gå inn i debatten om maktbruken som

¹ Norsk Folkeblad 5.9.1868.

umiddelbart vart reist i etterkant av opprøret. Vart militære styrkar sett inn for å kjempe ein klassekamp, eller fordi styresmaktene ikkje hadde andre handlingsalternativ slik situasjonen var?

I forskingslitteraturen er styresmaktene sin bruk av makt overfor folket på 1800-talet relativt sparsommeleg handsama, med unntak av hendingane i samband med Thranerørsla rundt 1850. Lars Borgersrud sine arbeid frå 1970-talet og framover legg til grunn at militæret stod sentralt i ein klassekamp og at militæret konspirerte i allianse med borgarskapet for å undertrykke opposisjonen og den framveksande arbeidarklassa, både ved openlyse maktdemonstrasjonar og meir løynde tiltak i form av uskadeleggjering av mobiliseringsvåpen og etterkvart oppretting av særskilt pålitelege militæravdelingar.² Hjø Borgersrud vert militæret framstilt som ei sjølvstendig samfunnsmakt med eigne motiv og mål, der aktiv bruk av militærmakt, helst utanfor sivil kontroll (som Stortinget), mot "indre fiendar" står sentralt.³

Den strengt programmatisk tilnærminga til Borgersrud er balansert av andre, utan at militæret si rolle som ordensmakt på nokon måte har vorte avvist. Roald Berg stiller i den "offisielle" *Norsk forsvarshistorie* fleire spørsmål ved Borgersrud sine tolkingar, men understrekar likevel at det ikkje er nokon grunn til å bagatellisere vilja og evna til å slå ned på folkeoppstandar med væpna makt, også hjå norske styresmakter.⁴ I praksis, seier Berg, var den viktigaste funksjonen til forsvaret å ivareta den indre orden. Trass i ein aukande frykt for sosiale konflikter, var likevel offiserar i forsvaret skeptiske til å verte nytta mot uvæpna arbeidarar.⁵ Slike motstandarar var ikkje verdige for ei profesjonalisert militærmakt med utvikla yrkesstoltleik.

Også Nils Ivar Agøy var i si avhandling *Militæretaten og "den indre fiende" fra 1905 til 1940* kritisk til Borgersrud sine påstandar om militæret sine ønske om aktiv deltaking ved indre uro på 1800-talet.⁶ Tvert om påviser Agøy ein manglande entusiasme, både hjå militæret og departementet, for å utarbeide nye planar om ordensvern alternativt til borgarvæpninga som vart avskaffa i 1881.⁷

Fredrik Fagertun er den som klarast har kritisert Borgersrud for å vera unyansert. Han meiner Borgersrud forvekslar staten og borgarskapet sin motstand mot krav frå nye sosiale klassar og politiske organisasjonar med konspirasjon.⁸ Borgersrud klarer ikkje å skilje mellom det Fagertun omtaler som rimelege og forståelege tiltak frå staten si side for å verne den indre tryggleiken mot

² Sjå til dømes Borgersrud sin serie under psevdonymet Ottar Strømme: *Våpen mot folket*, særleg første bind: *I tilfelle opprør. Det norske militærapparatet fra 1814 til 1905*, Oktober forlag 1979, og seinast i *Konspirasjon og kapitulasjon. Nytt lys på forsvarshistorien fra 1814 til 1940*, Oktober forlag 2000.

³ Borgersrud 2000, s. 75

⁴ Roald Berg: "Profesjon - Union - Nasjon, band 2 i *Norsk forsvarshistorie*, Bergen 2001, s. 133. Utgitt i samarbeid med Institutt for forsvarsstudier.

⁵ Berg 2001, s. 152f, s. 307 og note 59 s. 321.

⁶ Nils Ivar Agøy: *Militæretaten og "den indre fiende" fra 1905 til 1940*, Oslo 1994, til dømes s. 20 og 36.

⁷ Agøy 1994, s. 36ff.

⁸ Fredrik Fagertun: "Mellom konspirasjoner, militæraksjoner og indre fiender. Noen kommentarer til Lars Borgersruds bok *Konspirasjon og kapitulasjon*" i *Historisk Tidsskrift* band 80, 2001, s. 345f

truslar, og det som kan karakteriserast som ulovlege og urettmessige inngrep overfor grupper og individ i samfunnet.⁹

Det er altså ei ålmenn semje i forskingslitteraturen om at militæret vart pålagd viktige ordensoppgåver, men motiva bak maktbruken varierer. Militæret har vore framstilt som spydspissen til eit reaksjonært borgarskap i klassekampen mot arbeidarklassa, men også som ein noko motvillig og skeptisk handhevar av orden.

Sjølve "potetkrigen" har ikkje tidlegare vore forska på. Fleire har vore innom hendinga, anten i ulike generelle historieverk, eller i meir spesialiserte framstillingar.¹⁰ Felles for desse er den knappe forma, samt at dei byggjer på ulike samandrag, og ikkje originalt kjeldemateriale.¹¹

Anthon M. Wiesener påstod i jubileumsverket *Bergen 1814-1914* utgitt i 1914 at det var general Kloumans "sindige optræden" som forhindra bruk av mordreiskap som var i beredskap, i form av skarpe patroner og kanonar.¹² I følgje Wiesener fanst det fleire militære "som med vold og magt vilde skyte paa hopen". Wiesener dokumenterte ikkje desse påstandane, og kva som var grunnlaget for dei er difor ukjend. Hans elles noko vaklande kjennskap til hendingane (han plasserte klimaks til tysdagen, og ikkje måndagen) styrkar heller ikkje tiltrua til påstandane.

Det einaste kjende tilløpet til analytiske konklusjonar om oppløpet er gjort av Arne Skivenes i si hovudoppgåve om arbeidarorganisatoren Sophus Pihl. Skivenes konkluderte at potetkrigen markerte den første sjølvstendige opptreden av arbeidarklassa i Bergen og at "denne demonstrasjonen mot dyrtid og politivilkårighet er skjellsettende i den bergenske arbeiderklassens historie".¹³ Det skjellsettjande var for det første at initiativet kom frå byallmugen i Bergen, i motsetnad til bønder i dei omliggjande områda som ved tidlegare oppløp. For det andre hadde oppløpet ei brei tilslutning, mellom anna frå dei mekaniske verkstadene som la ned arbeidet sitt. For det tredje meinte Skivenes at opprørarane var svært militante og standhaftige. Skivenes oppfatta altså potetkrigen som viktig i den tidlege arbeidarreisinga og plasserte dermed også hendinga i ein klassekampssituasjon. Han fann likevel ingen personkontinuitet mellom deltakarane i 1868 og krinsen rundt Pihl på 1880-talet. Skivenes nytta forhøyringsprotokollen til å undersøke personkontinuiteten, men synes elles ikkje å ha nytta det omfattande kjeldematerialet etter "krigen" i si undersøking.

⁹ Fagertrun 2001, s.346.

¹⁰ Slik finn ein framstillingar av potetkrigen i *Bergen bys historie* og i verket *Bergen 1814-1914*. Både Borgersrud, Agøy og Edvard Bull i *Arbeiderbevegelsens historie*, band 1, Oslo 1985, viser til hendingane.

¹¹ Enkelte har nytta den forholdsvis detaljerte framstillinga av hendingane i *Norsk Retstidende*, Christiania 1870, s. 251-284, medan andre har nytta det korte resyméet i Amund Helland: *Norges land og folk topografisk-statistisk beskrevet*. Bergen, band I, Kristiania 1916.

¹² Anthon M. Wiesener: "Bergen Borgervæpning, Bergen 1814-1914", band I i *Bergen 1814-1914*, Bergen 1914, s. 469

¹³ Arne Skivenes: *Sophus Pihls rolle i dansk og norsk arbeiderbevegelse : en politisk biografi*, Bergen 1976, s.130.

Tre dagar som rysta Bergen

Potetkrigen starta så smått ein laurdag ettermiddag 15. august 1868.¹⁴ Politikammeret fekk melding om noko "spetakler paa Torget i Anledning Potetesoppkjøberne". 1800-talet var prega av ei liberalisering på fleire samfunnsområde, og særleg innan næringsverksemd. Liberalisering av handelslovgjevinga hadde opna for at oppkjøparar kunne kome inn mellom produsent og konsument i større grad enn før, og slike oppkjøparar kom på banen nettopp i tida i forkant av potetkrigen. Politifullmektig Hekleberg gjekk ned for å sjå kva dette dreidde seg om, og fann der ei stor gruppe folk som var misnøgde med måten oppkjøparsystemet fungerte på. Dei ville ha oppkjøparane vekk frå Torget, slik at dei fekk handle direkte med bøndene som før. Dét ville verte billegare meinte dei. Fullmektigen snakka med dei som var samla og fekk inntrykk av at det heile ville roe seg etterkvart. Han valde difor å gå ein omveg tilbake til politikammeret, for ikkje å gje flokken inntrykk av at politiet tok dette alvorleg. Nesten tilbake på politikammeret såg likevel fullmektigen at politiadjutant Moe, som hadde kome til Torget etter at fullmektigen trudde situasjonen var under kontroll, drog med seg ein kar mot arresten. Han kunne heller ikkje unngå å leggje merke til at adjutanten hakk i hel hadde ei ståkande bøling som følgde med heilt opp til politikammerbygningen og fengslet. Arrestanten, Rasmus Flølo, hadde flytta vekk ei tønne med poteter frå ein av oppkjøparane på Torget, og adjutanten såg seg nøydd å gripe inn. Dermed braka første akt i potetkrigen laus.

Etter at Flølo var avlevert til sluttaren i fengslet, vart adjutanten og fullmektigen møtt med ei sint og støyande folkemengd på Rådstuplassen. Dei forlangte den arresterte lauslaten. Dette kunne naturleg nok ikkje politiet gå med på, og då adjutanten ville arrestere ein av dei mest høgrøysta demonstrantane, vart han hindra av andre i mengda. Fullmektigen kom til hjelp og saman vart dei pressa og skuva nedover Rådstuplassen. Adjutanten slapp etterkvart taket, medan fullmektigen til slutt fall overende, visstnok etter at nokon spennte beina under han, og fekk ein av tumultuantane over seg. Menneskemengda gjekk tilbake til Torget, og no var også politimeisteren komen til (han vart varsla i heimen av ein grinande son som hadde sett politifullmektigen verte kasta i bakken). Politimeisteren gjekk omkring på Torget og ville snakke mengda "til fornuft". Han opplevde dei som svært trugande og sende difor bod etter ein liten militærstyrke til hjelp.¹⁵ Også Tinghuset vart omringa av ein liten militærstyrke. Ved Tinghuset held bråket fram utover ei stund, med høglydte krav om lauslating av arresterte, noko som berre resulterte i at fleire vart arresterte. Militærstyrken

¹⁴ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868. Forhøyrsprotokoll, s. 7

¹⁵ Etter uroane i samband med Thranerørsla vart det i 1851 sendt ut eit hemmeleg sirkulære frå kommanderande general til brigadesjefane om at militæret på kort varsel og utan trong for godkjenning frå høgare hald skulle avgi militære styrkar til "Overholdelse av den offetlige Rolighed og lovlige Orden", om sivile styresmakter bad om det. (Borgersrud 2000, s. 62). Hovudvakta ved Bergenhus festning skreiv i rapporten at etter kommandanten sin ordre vart fem mann sendt til assistanse for politiet klokka 18.15 på laurdagen og returnerte klokka 20.30 (SAB; Rapportjournal for Bergenhus festnings hovedvagt 1868-69, rapport datert 16.8.1868)



Torget i Bergen. I bakgrunnen Børsbygningen der opprørsparagrafane først vart opplesne. Postkort henta frå www.hist.uib.no/postkort

utvida rekka si meir og meir og fekk til slutt reinska plassen for folk. Med det var også første akt i potetkrigen slutt. Med unntak av at politifullmektigen forslo armen i fallet, vart ingen skada. I alt 11 personar vart likevel arresterte denne laurdagskvelden for oppløp og motstand mot politiet.

Søndagen gjekk roleg for seg, men det skal ha vore ein del snakking enkelte arbeidarar i mellom. Desse hadde samla seg på Torget og ikkje minst i kneipene rundt om gjekk praten engasjert om hendingane kvelden før. Misnøya var tydleg nok, men nøyaktig kva som vart diskutert og avtalt søndagen, og kven som stod i spissen for det, er uklart. Det synest likevel klart at det føregjekk ei form for mobilisering. Madam Pettersens "ølschap" i Komediebakken synest å ha vore den mest omsverma kneipa i så måte. Her samla fleire sentrale og seinare tiltalte personar seg og diskuterte hendingane frå dagen før. Her vart ein samde om at det mandagen "skulde heises Flag paa Sydnæs- og Nordnæshougen som Tegn til Laxevaag".¹⁶ Akkurat kva det skulle vere teikn til, gjekk ikkje fram. I forhøyra i etterkant vart det sagt at dei blant dagarbeidarane som ikkje hadde fått seg arbeid innan klokka ni på måndagen skulle møtast på Torget. Samtidig skulle ein sende utsendingar til dei større verksemdene i byen, på Laksevåg og i Solheimsviken for å få dei til å stanse arbeidet og slå seg saman med arbeidarane i sjølve byen. Målsetjinga, i følgje dei avhøyrde, skal ikkje ha vore å utøve vald mot nokon offentlege personar, men å få politimeisteren i tale for å få dei arresterte lauslatne og oppkjøperiet avskaffa.

¹⁶ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868. Forhøyringsprotokoll, s. 160.

Politiet hadde kjennskap til tuskinga som fann stad rundt omkring på kneipene på søndagen, og hadde allereie søndag ettermiddag sikra seg assistanse frå ein militærstyrke på 40 mann. Frå klokka sju om måndagsmorgonen var 80 soldatar frå garnisonen stilt til politiet sin disposisjon, halvdelen postert i Rådhuset og den andre i underoffiserskulen sin gård ikkje langt unna. Etterkvart som folk samla seg på Torget måndag føremiddag, vart vakthaldet rundt institusjonane ved Rådhuset forsterka og deler av plassen avsperra med kjeder av soldatar.

Folkemassen på Torget vart berre større og større utover formiddagen. Som avtalt vart bod send ut i fleire retningar; til Dekkes verft, til Laksevåg og til Solheimsviken for å mobilisere arbeidarane der til felles kamp med arbeidarane i byen. Boda synest forøvrig å ha kome for seint, arbeidarane på verfta hadde sjølve delvis forlatt arbeidet og tatt seg innover til byen.

I tolvtida gjekk politimeisteren sjølv ned til den oppøste massen på Torget. Der stod understuer Niels Christophersen Nygaard, populært kalla Kjempe-Nils, fram med ein lauvkvist og fortalte kva arbeidarane ville - nemleg ha arrestantane ut og oppkjøperiet avskaffa. Politimeisteren sa han ikkje kunne gjere noko med lova, og at han ikkje ville la seg presse til ei embetshandling, sjølv om han nok rekna med at dei av arrestantane som ikkje var involvert i overfallet på politifullmektigen ville verte lauslatne seinare på dagen. Massen mottok dette med mishag og vart stadig meir høgrøysta og trugande. Dei gav mellom anna uttrykk for at dei ikkje ville la politimeisteren få forlate Torget når han sjølv ikkje ville sleppe laus arrestantane. Politimeisteren åtvvara massen og gav seg i veg mot politikammeret med ein trugande, nærgående og svært høgrøysta folkemasse i helane. Ved Børsen fekk han hjelp av ein del borgarar der som danna ein menneskemur mellom tumultuantane og politimeisteren. Denne manøveren dempa ikkje gemytta. Politimeisteren vitna seinare at det "kom imidlertid herunder til aabenbare Voldsomheder og Slag, hvorhos Mængden med fornyet Styrke gjentog sine truende Udraab om at de Arresterede strax skulde løslades".¹⁷ Her fekk politimeisteren sendt bod etter ein liten militærstyrke som snart marsjerte opp ved Børsen mellom massen og politimeisteren, og vart "modtagen med vilde Hyl". Han oppfatta no situasjonen som så alvorleg at han etter samråd med borgarane på Børsen "med al den Kraft i Stemmen, som [han] kunde legge deri" valde å lese opprørsparagrafane frå kriminallova:

Lægger nogen Forsamling den Hensigt for Dagen, i Forening med Magt at modsætte sig den offentlige Myndighed, at tvinge Nogen til at foretage eller undlade en Embedshandling, eller øve Vold paa Person eller Gods, da skulle, saafremt de Forsamlede paa vedkommende Øvrigheds Opfordring adskille sig og begive sig roligen bort, de, som enten ere Anstiftere eller Anførere, dømmes til Fængsel eller Strafarbeide i femte Grad, hvorimod de øvrige for Straf skulle være fritagne". (Krml. 10-9).

¹⁷ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868. Forhøyrsprotokoll, s. 26

Han las også dei to påfølgjande paragrafane som fortalte kva som skjedde om mengden ikkje gav seg roleg vekk, eller om dei i verste fall skulle ty til vald. Samtidig gjorde han menneskemassen også klart kva vilkåra for bruk av militær makt var etter Grunnlova:

Regjeringen er ikke berettiget til militær Magts Anvendelse mod Statens Medlemmer, uden efter de i Lovgivningen bestemte Former, medmindre nogen Forsamling maatte forstyrre den offentlige Rolighed og den ikke øieblikkelig adskilles, efterat de Artikler i Landsloven, som angaa Oprør, ere den trende Gange tydelig forelæste af den civile Øvrighed. (§99)

Opplesinga vart i grunnen dårleg motteke og førte til meir ståk og truslar, slik at politimeisteren såg seg nøydd til å lese paragrafane ein gong til. Ei god stund seinare, mellom ein halvtime og ein time, hadde bråket enno ikkje dempa seg. På Rådstuplassen var det samla seg andre folk som allereie hadde invitert militæret på steinkasting, og dei militære styrkane som var plassert der bad om forsterkingar. Politimeisteren sende ein del av militærstyrken han disponerte ved Børsen for å auke vernet ved Rådstuplassen og gjekk sjølv verna av den attverande styrken i retning av tinghuset litt seinare. Då politimeisteren kom til Rådhuset med sin flokk, auka bråket og omfanget av steinkasting i styrke. På trappa til brannstasjonen (Hagerupsgården) måtte han difor lese opprørsparagrafane ein tredje gong. Talet på opplesingar av opprørsparagrafane var altså av stor betydning ettersom Grunnlova forbaud bruk av militær makt mot eigne borgarar utan at desse paragrafane vart tydeleg lest tre gonger. Med denne siste opplesinga var politimeisteren gitt høve til å setje soldatane fysisk inn mot folkemengda.

Bråket heller tiltok enn avtok, og ein del tok til å angripe militæret. Dei forsøkte å bryte gjennom soldatrekkene og fråta desse gevær. Soldatane svarte med kolbeslag. Politimeisteren var tydeleg uroleg over situasjonen og vende seg skriftleg til stiftamtmanden med ønske om auke i beredskapen:

Jeg tillader mig at gjøre opmærksom paa, at jeg finder Stemmningen blant Publikum nu at have naaet den farlige Høide, at jeg, for det Offentliges Betyggelse og for at beskytte den til Politiets Raadighed stillede Militair Styrke, anseer det nødvendigt, at der bliver fra Fæstningen reqvireret skarpe Patroner [...] En større Styrke af Borgerne skulde jeg ansee det ønskeligt snarest mulig at kunne disponere over, og saaledes at der ogsaa for disses Vedkommende maatte være Adgang til at i fornødent Fald at bruge skarpe Skud.¹⁸

Uroa varte heile ettermiddagen, og ei tid før klokka seks om kvelden var også den borgarlege infanteribataljonen mobilisert og forsterka den regulære militærstyrken, slik politimeisteren ønskte. Også desse styrkane ønska han altså skulle ha løyve til å ta i bruk skarpe skot om nødvendig.

Fram til sekstida var dei store folkemassane relativt tilbakehaldne med bruk av vald, men så auka steinkastinga på att, og tumultuantane heldt fram med forsøka på å ta gevær frå soldatar. I sjutida prøvde difor ein styrke å rykke fram med felt bajonett i roleg gange for å jage mengda vekk,

¹⁸ SAB; Stiftamtmanden i Bergen. Journalsaker 1531-2105/1868, 1706. Brev datert 17.8.1868.

men lykkast ikkje. Kort etterpå, i halv åttetida, byrja eit aldri så lite slag mellom militæret, borgarvæpninga og politiet på den eine sida, og opprørsmengda på den andre sida. Gruppene bølga fram og tilbake og tildelte kvarandre slag og spark. Opprørarane kasta stein, militæret slo med kolbane og etterkvart byrja dei stikke opprørarane med dei påsette bajonettane. Først gjorde to kompani av borgarvæpninga - om lag 60-70 mann - ei framrykking for å reinse plassen, men vart møtt med eit regn av stein og sterk fysisk motstand. Fleire av borgarane vart treft og såra av steinar i den grad at framrykkinga enda i forvirring og oppsplitting slik at avdelinga måtte ty til ei kaotisk tilbaketrekking. Samtidig viste folkemassen alvorlege teikn på å bryte gjennom militærkjeda som var sett opp mellom det gamle rådhuset og brannstasjonen, noko som ville auka faren for at dei fekk tilgang til både rådhuset, tinghuset og fengslet der dei arresterte sat.

På Rådhuset, bak dei militære spenningane vart det diskutert om dei skarpe skota skulle takast i bruk. Kwart over sju var ammunisjon henta og såleis i beredskap.¹⁹ Situasjonen vart likevel ikkje oppfatta som så farleg at bruk av skot kunne forsvarast, og ammunisjon vart heller aldri utdelt.²⁰ I staden valde styresmaktene no å føreta regelrette bajonettangrep med 20 soldatar frå garnisonen. Soldatkjeda mellom det gamle rådhuset og brannstasjonen trakk seg tilbake. Folkemassen følgde etter, men vart møtt av ein bajonettvæpna peloton som var oppstilt bak soldatkjeda. Desse styrta no fram mot folkemassen, først berre fram til hjørnet av rådhuset før dei trakk seg tilbake til utgangspunktet og gjennomførte eit nytt angrep, denne gongen endå litt lenger fram.

Kobberslagasvennen Andreas Petter Lindberg, ein svenske som arbeidde på BMV i Solheimsviken fann seg sjølv i fremste line under dette slaget og fekk "flere Kolbestød for Brystet og bagtil i venstre Side ovenfor Hoften et Bajonetstik, hvorfra han i flere Dage har ligget paa Sygehuset".²¹ Steinarbeidar Niels Rasmussen Erdal fekk eit "Bajonetstød i Lillefingeren paa venstre Haand samt et Stød i Hovedet".²² Sjefen for vektarkorpset, Vaktmeister Sandal, forklarte at han:

Under et Udfald af Militæret lagde Mærke til [Erdal]. Mængden havde først gjort Udfald mot Militæret, som tilbageslog dette, og da [Sandal] under dette greb et Gevær tilbage fra Mængden, saa han at [Erdal] netop var inde blant den Hob, som havde været fremme og gjort Anfaldet, og saa han tillige at [Erdal] da var meget blodig, idet Blodet randt ham nedover Ansigtet og [Sandal] fik da det Indtryk, at han havde faaet saameget, at han ikke saa snart kom igjen.²³

¹⁹ SAB; Rapportjournal for Bergenhus festnings hovedvagt 1868-69, rapport datert 18.8.1868


²⁰ SAB; Bergens Kommandantskab. 24. Korrespondance-protokoll 1864-71. 104. Telegram frå general Klouman til Armékommandoen, datert 18. august 1868.

²¹ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868. Forhøyrprotokoll, s. 70.

²² SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868. Forhøyrprotokoll, s. 74.

²³ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868. Forhøyrprotokoll, s. 82.

Ein annan av deltakarane hamna på sjukehus i Haugesund i dagane etterpå for behandling av bajonettstikk i armen.



Kartet viser situasjonen då staurangriparane vart jaga vekk frå Rådstualmenningen og dels nedover Domkirkegaten og dels nedover mot Smaastrandgaten. Kartet vart lagt fram under rettsaka i 1869. Kjelde: SAB Byfogd og byskriver i Bergen. I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868

Desse manøvrane vart avgjerande. Allereie ved det første angrepet kom folkemassen på vikande front, og ved det andre bajonettangrepet "veg Folkehoben fullstendig og Raadstualmendingen blev rydelig".²⁴ Borgavæpninga var ved dette høvet reorganisert og rykka fram og besatte den nyridda plassen. Styresmaktene hadde no kontroll med dei næraste områda rundt Rådstuen. Den attverande folkemassen var trengt ned i Valkendorfs gate, og sjølv om enkelte her framleis sende av garde steinar av og til, syntest situasjonen å vere under kontroll. Eit siste angrep vart likevel utført blant delar av opprørsmassen seinare på kvelden. Enkelte av desse hadde vore på markene ved Nygård og henta seg staurar frå ei hesje der. Dei marsjerte i ti-tida væpna med desse staurane tilbake forbi Byparken, oppover Christies gate til brannstasjonen, innover

²⁴ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen. I.D.a.65. Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868, fol.540

Valkendorfs gate, ned Olaf Kyrres gate og opp Småstrandgaten der dei hadde Rådstuplassen framfor seg, klare til å angripe militæret, borgarvæpninga og politiet. Ved posthuset på hjørnet av plassen mista enkelte motet og kasta staurane frå seg, medan andre igjen plukka desse opp og slutta seg til dei framstormande staurberarane. Kjøpmann Fredrik Meyer Tallisch var troppskommandør i borgarvæpninga og stod på den sørlege sida av den gamle rådhusbygningen då borgarmilitæret vart angrepe av staurhæren, akkompagnert med steinkasting. Han fekk sjølv eit slag av ein staur, men rakk å gjengjelde dette med eit slag med sabelen i bakhovudet til angriparen. Hans militært underordna, anglmakar Nicolai Krog Olsen, forklarte at

[...] dette Anfald var temmelig voldsomt idet Staurbærerne slog saa haardt mod Geværerne, at de tildeels slog Staurerne af. [Han] fik ved denne Leilighed sin Bajonet slaaet skjæv. Der skede ogsaa Stenkast ved samme Tid, blant Andet blev hans Sidemand saaret af en Sten, saa at han maatte forbindes.²⁵

Staurangrepet vart likevel slått fullstendig tilbake av to troppar på ti mann kvar. Desse klarte å jage staurberarane i flukt nedover høvesvis Domkirkegaten og Småstrandgaten. Etter dette vart det besette området utvida, sidegatene sperra av, og det heile stilna av. Militæret og borgarvæpninga vakta over området heile natta, men nye tumultar fann ikkje stad, verken den natta eller seinare.

Potetkrigen var dermed over. Mange tusen hadde delteke, dei fleste riktig nok som nyfikne tilskodarar til det som skjedde, andre med høgrøysta truslar, nokre med steinkasting og knuffing, andre igjen som utkommanderte soldatar, borgarmilitære eller som tilsette i politistyrken. Fleire hadde blitt arresterte, om lag 30 var skada. Dei fleste rett nok med skrubbsår, kul i panna og liknande, men andre igjen med bajonettstikk som måtte behandlast på sjukehus.

Om natta var Rådstuplassen beleira av militæret og borgarvæpninga og politistyrken vart forsterka med frivillige. 50 menn, særleg frå handelsstanden, patroljerte byen om natta, fire og fire i lag og utstyrt med polititeikn. Tysdagen var mange av byens innbyggjarar innom Rådstuplassen for å forvise seg om at det no "var forbi, ja ganske og aldeles forbi", som Bergensposten skreiv.²⁶ Det var framleis ei spent stemning, og frå garnisonen var 120 menn utkommandert, heile borgarinfanteriet var parat og 60 offiserar og underoffiserar frå borgarartilleriet var under våpen, i tillegg til at ein del unge hadde meldt seg som frivillig politi. I alt hadde ein i løpet av tirsdagen noko over 500 mann under våpen, i tillegg til det ordinære politiet og brannvakta. Også to årsklassar av det vernepliktige mannskapet var innkalla.²⁷ Til og med to kanonar skal ha vore klare til umiddelbar innsats om nødvendig.²⁸ Politimeisteren hadde bestemt at alle brennevinskneipene skulle stengast og i tillegg hengt opp tusen plakatar der ein kvar god borgar vart oppfordra til å

²⁵ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868. Forhøyrsprotokoll, s. 66.

²⁶ Bergensposten 20.8.1868

²⁷ Bergens Tidende 18.8.1868

²⁸ Bergens Adressecontors Efterretninger 19.8.1868.

gjere sin plikt og bidra til ro og orden, særleg ved å halde barn og tenarar heime under eventuelle tumultar. Ingenting hende og demobiliseringa kunne i dei følgjande dagane ta til.

Onsdag morgon kunne politimeisteren fortelje stiftamtmanden at alt var roleg og at "Orden er fullstendig indtraadt igjen".²⁹ Offiserane frå borgarartilleriet var sendt heim klokka seks om morgonen og berre eitt kompani var att "for paakommende Tilfælde". Politimeisteren ville avvente kva som hende vidare utover dagen før ytterlegare demobilisering fann stad. Natt til torsdag hadde politiet 25 frivillige til disposisjon som ekstraordinært politi med patruljeteneste i gatene. Militæret hadde 12 menn plassert på postar på politikammeret og ved distriksfengslet. Reserven skulle dimmiterast seinare om morgonen, medan 60 menn frå linjen framleis var innlosjert i lokala til arbeidsanstalten.³⁰

Det føregjekk altså ei gradvis nedtrapping i det militære nærveret rundt dei sentrale offentlege bygningane, men politimeisteren var skeptisk til å gje heilt slepp på dette, særleg så lenge forhøyra ikkje var avslutta.³¹ Desse hadde starta allereie måndagen, midt under dei verste tumultane på plassen utanfor, med høgsterettsadvokat Mowinckel som konstituert administrator for å avhøyre bråkmakarane frå laurdagen. Etterkvart kunne også forhøyra etter hendingane måndagen ta til. Styresmaktene var klare til å ta eit oppgjær med deltakarane.

Då det omfattande forhøyret vart avslutta 11. september hadde i alt 261 ulike personar vorte avhøyrd, både øvrigheitspersonar, deltakarar og tilskodarar. 54 menn vart tiltalte og 39 av desse vart dømde i underretten i Bergen 10. juli året etter til alt frå kortare fengselsstraffar til straffarbeid i over seks år. Ved endeleg dom i Høgsterett i mars 1870 vart dei fleste dommane stadfesta. Ein av dei dømde i underretten døydde før saka kom opp for Høgsterett og fekk følgjeleg saka avvist. Nokre få fekk litt strengare straff, medan andre igjen fekk langt mildare straff. Det galdt særleg for fire personar dømde til vel seks år straffarbeid, éin av desse fekk straffa redusert til vel tre år, to av dei til eitt år og den siste til berre 30 dagar fengsel. Fleire søkte kongen om benådning, men berre éin av dei fekk straffa nedsett.³² Alle dei seks som vart dømde til straffarbeid fekk lov å sone i botsfengslet i Christiania, med 1/3 reduksjon i straffetida, som var vanleg ved innsetjing der. I alt vart dermed til slutt seks personar dømde til straffarbeid, 32 til fengsel og 15 vart frikjende.

Sosialt opprør eller fyllerør?

Tumultuane hadde to prinsipielt ulike krav. Det eine var eit umiddelbart resultat av hendingane laurdag ettermiddag der først Flølo, sidan også andre arresterte, vart kravd lauslatne. Dette kravet var retta mot politiet og særleg politimeisteren. Det andre hovudkravet galdt avviklinga av

²⁹ SAB; Stiftamtmanden i Bergen. Journalsaker 1531-2105/1868, 1707 (datert 19.8)

³⁰ SAB; Stiftamtmanden i Bergen. Journalsaker 1531-2105/1868, 1710 (datert 20.8)

³¹ SAB; Politimesteren i Bergen. Kopibok B, Nr. 11 1866-75, fol. 115b. Brev til Stiftet datert 22.8.1868

³² Nils R. Erdal fekk ved kgl. res. Frå 26.3.1870 sett straffa ned frå 3 år og 1 mnd. til 2 år. (SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen(Potetkrigen) 1868, Brev frå JPD 77/70)

oppkjøparverksemda, som også utløyste heile opptrinnet, samt misnøye med at "bønder" kom til byen og tok seg arbeid utan å vere busette her. [Note]

Heile sommaren skal det ha vore misnøye blant arbeidarklassen med oppkjøparane som fekk kontroll med handelen på ein del jordbruksvarer, særleg poteter, men også smør og andre varer. I siste halvdel av juli troppa om lag 100 misnøgde menneske opp på politikammeret med klager over oppkjøperiet. Niels Christophersen Nygaard - sentral også i sjølv opprøret - stod i spissen for delegasjonen. Særleg var dei indignerte over at oppkjøparane lokka til seg ungar som gjekk som bod heimafrå og gav dei dårlege mål.³³ Politimeisteren på si side kunne ikkje love delegasjonen hjelp, sidan oppkjøperiet føregjekk i lovlege former, men lovde at politiet skulle halde eit auge med måla oppkjøparane gav. Dei frammøtte var tilsynelatande nøgde med dette. Det var imidlertid ikkje alle viste det seg etterpå, og enkelte blant dei tok etterkvart sakene i eigne hender. Dei brukte makt mot nokre av oppkjøparane, slik at desse måtte få vern av politiet.

14 dagar før opprøret, då dei nye potetene byrja kome til byen, skal det ha funne stad enkelte episodar mellom oppkjøparar og arbeidarar på Torget. Nils Christophersen Nygaard forklarte at han denne dagen såg ei sognekone gje urimeleg dårleg mål til ein liten gut som var sendt som bod. Niels tømde potetene tilbake i tønna i demonstrasjon. Då sognekona heldt fram med å gi dårlege mål, tok Niels tønna med poteter frå kona og sette den inn i Zachariasgaarden. Seinare var også Niels, saman med nokre andre, igjen inne på politikammeret og bad politimeisteren om å fjerne oppkjøparane.³⁴ Omtrent på same tida fekk politiet klage på Andreas Fosse (som var involvert då politifullmektigen deisa i bakken) fordi han hadde tatt fatt i ein oppkjøpar som selde poteter. Då ein politibetjent snakka til han, gav Fosse klart uttrykk for at det ville verte opprør blant arbeidsklassen om ikkje oppkjøparane kom vekk.

Laurdagsmorgonen opprøret braut ut gjekk to arbeidsfolk utover til Holbergsalmenningen og fortalte nokre arbeidarar der at det no var kome oppkjøparar på Torget att. Dei fortalte også at arbeidarane på verfta hadde lovd å slå seg saman med dei øvrige arbeidarane for å få desse vekk. Ein del av arbeidarane på Holbergsalmenningen vart med tilbake til Torget. Ein av dei, Anders Solli, kom i snakk med ei sognekone som selde poteter og spurde henne om ho hadde avla potetene sjølv. Ho fortalte at dei kom med dampskipet og Solli meinte då at ho ikkje hadde lov å selje og at det var best ho at ho gjekk vekk. Samtidig stakk han kannemålet hennar ned i potetsekken. Sognekona fekk støtte hjå politibetjent Johnsen, og nekta å fjerne seg frå Torget. I første omgang skjedde det ikkje vidare spektaklar. I samtale med politibetjenta gav arbeidarane likevel uttrykk for at det ville bli det, om ikkje oppkjøperiet tok slutt.

³³ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående optøyer i Bergen(Potetkrigen) 1868, Justisactene s. 443.

³⁴ Bergens Tidende omtalte denne hendinga 6. august 1868.

Kranglinga mellom arbeidarar og oppkjøparar på Torget tok seg imidlertid opp att etterkvart. Oppkjøparen Christopher Andersen Søvde fekk seinare på dagen ein knyttneve opp i ansiktet og følte seg såpass truga at han og kona såg det best å kome seg vekk. Han tok potetsekken på ryggen for å gå vekk og fekk då eit spark i sekken slik at han heldt på å gå overende. Også på veg vekk opplevde han nærgåande knuffing og skubbing. Kona hans forklarte at arbeidarane ikkje brydde seg om at dei hadde lov til å selje. Dei hadde sin eigen lov, fortalte dei henne. Kona fekk også rive sund kjolen sin i basketaket. Samtidig med dette byrja nokre bønder å selje restlageret av poteter til 6 skilling kanna for å verte ferdige. Oppkjøparar var då raskt framme og kjøpte opp alt saman og heldt prisen til 7 skilling kanna som før. Då ein forbitra Harald Rasmussen Flølo tok fatt i ei tønne med poteter og bar denne vekk, vart han arrestert og utløyste dermed heile potetkrigen.

Måndag ettermiddag fekk politimeisteren eit anonymt brev signert "En Ven af Arbejderklassen", med seks konkrete krav om korleis "Enighed og Orden atter kan tilveiebringes imellem den arbeidende Klasse og den lovlige Myndighed i Bergen":³⁵

1. Politiet vil efter al Evne strebe efter at anholde, paagribe og afstraffe enhver Opkjøber af Fødemidler, som dertil ikke findes berettiget og som paa den Maade forhindrer den arbeidende Klasse fraat kunne kjøbe sine Fødemidler directe af Bonden som forhen.

2. De saakaldte Frihandlere forbydes at have Udsalgssteder paa de almindelige Torve eller Markedspladse, som Torvegaarden, Zachariasgaarden, Muregaarden, Böhmergaarden m. fl., hvor Bonden almindelig færdes med sine Varer, men skal som andre Handlende have sit Udsalgsted oppe i Byen.

3. Det forbydes tillige Frihandlerne at gjøre Indkjøb om bord i Jagter som først maa skee, naar Bønderne har landsat Varerne paa Lossementstedet.

4. I denne arbeidsløse Tid, hvor man har Vanskelighed at fortjene en Dagsløn, der mindre end svarer til de mindre Indkjøb af Fødemidler, har man tillige sjelden Anledning til at komme i Samhandel med Bønderne, men maa med en Opofrelse af 25 til 50 % afkjøbe førnævnte Personers Artikler, som Smør, Ost, Kjød, Potetes m.m.

5. Sild eller Fisk, som bringes til Torvs, maa ikke opkjøbes, som nu er Tilfældet af Handelsmanden til Nedsaltning, naar Politiet tydelig skjønner, at Qvantumet ikke er større, end at det tiltrænges til det daglige Behov.

6. Vi anmode dernæst Communens Representanter til paa det forestaaende Storthing at indstille Lov om Frihandelen ophævet.

Vidare forventa forfattern at politiet ville setje opp plakatar rundt om i byen der dei aksepterte desse krava, slik at byallmugen skulle få kunnskap om det. Samtidig ba forfattern også at militærmakta skulle trekke seg tilbake og at dei arresterte skulle sleppast fri.

³⁵ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868, fol 28.

Forfatternen av skrivet vart aldri kjend, og kor representativt innhaldet var for byallmugen generelt, og særleg tumultuantane, er ikkje godt å seie. Men krava i skrivet avspegla delvis, om meir elegant artikulert, dei ropa og skråla som mengda sjølv kom med under opprøret. På Torget måndagen kunne ein også høyre krav om at landsfolk som arbeidde hjå stadsingeniøren skulle jagast bort, og at landsfolk elles ikkje skulle gå i vegen for byfolk som måtte betale byskattane. Særleg vart det nemnt at bordarbeidsmennene i byen fekk problem ved at bønder kom inn og tok arbeid frå dei.

Bergens Tidende omtalte allereie i måndagsutgåva oppkjøperiet som årsaka til tumultane om laurdagen:

Arbeiderne finde fremdeles en Grund til Forargelse mod Opkøberne deri, at en stor Del af disse som oftest skal være Dagdrivere, som derved med Lethed tjene en rigelig Dagløn, medens Arbeideren tungt maa slæbe for hver Skilling; men det staar jo ogsaa Arbeideren frit for at begynde den samme Levevei og have det ligesaa mageligt eller slet ikke at handle med Opkøberen [...] Til Slutning ville vi anbefale Arbeiderne den allerbedste Maade at faa denne Strid ordnet og bilagt, nemlig at de melde sig ind i Forbrugsforeningen. Ved en kraftigere Bistand fra deres Side kunde den blive deres bedste Opkøber, og den Fortjeneste, den har ved sine større Indkjøb, kommer jo Medlemmerne tilgode.³⁶

Nokre dagar seinare tok Bergens Tidende igjen for seg årsakene til at oppløpa fann stad, og slo fast at nettopp oppkjøperiet var årsaka som tumultuantane sjølv oppgav. Men avisa konkluderte med at oppkjøperiet ikkje var den eigentlege årsaka til bråket:

Potetesstriden og Potetesoppkjøberiet og Opkøberiet i det Hele taget er neppe den egentlige Grund, heller ikke Bondens formentlige Indgreb i deres, Arbeidernes, Rettigheder, det er alt kun et Paaskud, de instinktmæssig har grebet, fordi de her syntest at finde en gyldig Aarsag til Misnøye.³⁷

Forklaringane måtte søkjast i dei generelt trykkande tidene som ikkje var isolert til arbeidarklassa. Det var like mykje eit problem for handelsstanden, sjølv om arbeidaren nok kjende trykket sterkast. Også Bergens Adressecontoirs Efterretninger avviste at skuld kunne leggjast på oppkjøperiet. Når varene vart dyrare, var det fordi det ikkje vart produsert nok varer, ikkje på grunn av mellommenn, meinte avisa.³⁸

Bergens Tidende kan nok ha rett i at den eigentlege årsaka til oppløpet låg i ålment vanskelege tider, med tidvis arbeidsløyse og manglande inntekter. Det peiker også misnøya mot at landsfolk kom til byen og arbeidde der til dagløner lågare enn kva byarbeidarane var vane med. Det gjer likevel ikkje opprøret i mindre grad til eit sosialt fundert opprør, tvert om.

Opprøret var eit klassisk matopprør, ei reaksjonær handling til forsvar for det arbeidarane oppfatta som sedvanebestemte rettar. Slike opprør finst det mange døme på i historia, både lokalt i

³⁶ Bergens Tidende, 17.8.1868

³⁷ Bergens Tidende, 20.8.1868

³⁸ Bergens Adressecontoirs Efterretninger 31.8.68

Bergen og andre stader. Både strilekrigen i 1765 og det tumultuariske opptrinnet i 1814 var tilsvarande reaksjonære opprør. Strilekrigen var ein reaksjon på det som vart oppfatta som nye og ulovlege skattekrav frå styresmaktene si side. Det tumultuariske opptrinnet var ein reaksjon på det ein oppfatta som brot mot normene i det tradisjonelle handelssystemet, først og fremst ved at dei mistenkte kjøpmenn for å halde tilbake korn for å profittere på prisoppgang.³⁹

Potetkrigen var altså ikkje uttrykk for revolusjonære haldningar blant arbeidarklassa i Bergen, men ein reaksjon på at endringar hadde funne stad. Det var heller ikkje borgarskapet opprørarane retta misnøya si mot, men oppkjøparar. Desse oppkjøparane kunne vere folk utan spesiell tilknytning til byen og gjerne utsprungne frå det same sosiale laget som arbeidarane sjølve. I tillegg gav også allmugen uttrykk for misnøye med at folk frå landet kom inn til byen og tok seg arbeid utan å vere busett her, i konkurranse med byen sine eigne arbeidarar. Motiva bak opprøret kan ikkje seiast å indikere nokon omfattande klassekamp i Bergen, snarare var dei uttrykk for motsetningar innanfor allmugen sine eigne rekkjer, dels langs sentrum-periferi aksa, der styresmaktene i første omgang vart nytta som appellinstans, seinare som mottakar av aggresjon då appellen ikkje resulterte i ønska tiltak.

Også aksjonsformene var tradisjonelle, vold var dominerande uttryksmåte. Når enkelte av arbeidarane ved dei større verksemdene la ned arbeidet sitt og møtte opp på Torget, kan ein ikkje oppfatte det som streik i eigentleg forstand. Arbeidsnedleggjeinga var ikkje protestmåten i seg sjølv, protesten var heller ikkje retta mot arbeidsgjevarane, men praktisk nødvendig for å kunne slutte seg til protestantane på Torget. Fråveret frå arbeidsplassen varte også berre nokre få timar for dei fleste.

Dei manglande revolusjonære haldningane var også eit hovudpoeng i advokat Danielsen sitt forsvarsskrift under rettssaka:

Man vilde feile meget, ved at betragte Urolighederne den 15de og 17de August f.A. som et Udbrud af Nogen inden den saakaldte Arbeidsklasse heri Byen herskende Selvraadighed og Lyst til at gribe forstyrrende ind i den bestaaende Samfundsorden. Saa langt derfra ligger det klart for Dagen, at hine Uroligheder kun vare en ubegrundet Følge af Øieblikkets uheldigt samvirkende Omstendigheder og, nærmere betegnet en Episode i den nødvendige Kamp, der overalt og til alle Tider føres for Livets Fornødenheder.⁴⁰

Danielsen si oppgåve var naturlegvis å bagatellisere det heile mest mogleg slik at dei tiltalte vart handsama på mildaste tenkelege måte. Hans strategi var å framstille hendingane som ei spontan reising, utløyst av "uheldige omstende", og ikkje nokon planlagd og organisert aksjon. Under forhøret i etterkant la rettsadministratoren stor innsats ned i å finne ut kven som var hovudmenn

³⁹ Sjå særleg Emma E. Horneman: "Det tumultuariske optrinnet i Bergen 1814: et norsk matopptrinn i lys av ulike opprørsteorier, Hovudoppgåve i historie, UiB 1995.

⁴⁰ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868; Justisactene s. 739.

bak opprøret og særleg kven som eventuelt organiserte det. Dette viste seg svært vanskeleg, og få av dei forhøyrdde hadde noko særleg velvillig minne om kven som tok initiativet til måndagshendingane og kven som organiserte avsending av bod til dei ulike verfta og verkstadene. Ein får i det heile inntrykk av at potetkrigen var ein krig heilt utan befall frå tumultuantane si side. Dette kollektive minnetapet hadde naturlegvis samanhang med dei svært strenge straffane som truga dei som kunne oppfattast som leiarar. Dei avhøyrdde bagatelliserte konsekvent si eiga innsats, og gav uttrykk for ei minimal forståinga av kvifor menneskemassen var så misnøgde. Den typiske forklaringa var at dei var innom Rådstuplassen ei kort tid som tilskodarar, men at dei på mystisk og plutseleg vis vart skuva fremst av menneskemassen. Dermed hamna dei heilt uskuldige midt mellom tumultuantane og øvrigheita og vart påført skadar på ein slik måte at det kunne sjå ut som om dei hadde delteke aktivt i striden. Svært få hadde også høyrte politimeisteren lese opprørslova, i beste fall hadde dei på avstand sett han med ei bok i handa og høyrde at han ropte noko, utan at dei høyrde kva han sa. Merkeleg mange gav også uttrykk for at dei ikkje heilt visste kva striden galde eller kva formålet med ulike hendingar var. Til og med folk som vart nytta som bod til dei ulike verksemdene forklarte at dei ikkje visste kva dei skulle, men at dei berre var med andre fordi dei var bedt om det. Atter andre gav uttrykk for at dei var så rusa at dei ikkje hugsar kva dei sa eller gjorde om måndagen.

Typisk nok enda det opp med at fleire av dei tiltalte skulda kvarandre for løgner under sjølve rettssaka, mest for å dekke seg sjølv. Dikselmannen Thore Hallingstad forklarte først at han ikkje heilt visste kva han ville under opprøret, sidan han sjølv ikkje hadde noko å klage over, men skreik fordi det vart sagt i flokken at alle skulle skrike. Retten fann på grunnlag av andre vitneprov grunnlag for å tru at Hallingstad var ein av hovudmennene, blant anna at han var mellom dei aktive i Madam Pettersen sin ølkjellar om søndagen og at han såleis "har havt taalelig god Greie paa hvad Folk - deriblant ogsaa han selv - vilde."⁴¹ Hallingstad forklarte sjølv at han i ølkjellaren høyrde steinarbeidar Tollef Thorsen Vidsteen, ein av dei andre tiltalte, snakke med Nils Christophersen Nygaard om at det skulle heisast flagg på Sydnæs- og Nordneshaugen som teikn om at folk skulle kome saman.⁴² Både Nygaard og Vidsteen nekta for at dette var tilfelle. Nygaard var riktig nok i ølkjellaren, men kunne ikkje hugse at Vidsteen var der, og ikkje høyrde han noko snakk om signal der heller. Derimot høyrde han på Torget i 4-5 tida om søndagsettermiddagen ein del snakk mellom arbeidarane som var samla der. Mellom anna vart det gitt uttrykk for at politimeisteren vel kunne gjere inngrep i frihandelslova så lenge han hadde gjort det same med brennevinslova ved å

⁴¹ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868; Justisactene s. 61.

⁴² SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868; Justisactene s. 65.

hente seg brennevin etter klokka ti om kvelden.⁴³ Vidsteen forklarte først at han ikkje hugsa å ha vore i ølkjellaren til madam Pettersen i det heile, men derimot på John Engelsen si ølsjappe samtidig med Hallingstad. Der samtalte han med eit par andre om at han same kvelden hadde høyrte tale om at arbeidarane på Laksevåg verk og i Solheimsviken hadde sendt setlar seg i mellom med oppmoding om å samle seg. Hallingstad skal då ha vendt seg til Vidsteen og sagt at det var tøv, men forklart at det var treft ein avtale om heising av flagg på tre ulike stader som signal til arbeidarane om å samle seg.⁴⁴ Til dette svarte Hallingstad at han først var saman med Vidsteen i ølkjellaren til madam Pettersen og seinare i Ellingsen sin ølkjellar. Han heldt fast på forklaringa si om kva som gjekk føre i den første ølstova. Om setlane som vart omtalt i den siste ølstova forklarte Hallingstad at han sa til Vidsteen: "tøver Du nu ogsaa om Sedler, Du har jo tidligere talt om Signal som skulde heises."⁴⁵

Både Hallingstad og Vidsteen hadde openbert god kjennskap til kva som gjekk føre seg om søndagen, og det synest også utvilsamt at dei har delteke aktivt i murringa. Når ikkje berre vitneprova deira var svært forskjellige, men at dei faktisk legg meir eller mindre dei same "farlege" ytringane i munnen på kvarandre, kan det berre vere uttrykk for ønske om å redde "eige skinn". Andre vitneprov tyder på at nettopp desse to hadde inngått avtalar seg i mellom om søndagen. Ein av Hallingstad sine underordna ved pakkbodene til Gjertsen forklarte at Vidsteen måndag føremiddag kom til pakkbodene og snakka med Hallingstad. Han høyrde Vidsteen seie "Du lovede igaar, at Du skulde varskue", og til det svarte Hallingstad "Ja, saasntart han fik et lidet Vink". Vidsteen skal igjen ha replisert at det var ille at nokon skulle verte utsette, utan at vitnet visste kva som var meint med det.⁴⁶ Denne motsetninga mellom tilsynelatande leiande figurar i opprøret indikerer at opprøret ikkje var godt organisert og prega av samhald, men spontant og tilfeldig utløyst av hendingane laurdagsettermiddagen. Retten la i domspremissane også til grunn at opprøret ikkje kunne seiast å vere organisert. Om aktivitetane blant arbeidarane om søndagen uttalte retten at

*Nogen bestemt Plan for deres Fremgangsmaade om Mandagen kan ikke erfares at have været udkastet, ligesaa lidt som der er nogen Grund til at troe, at der har været enten nogen egentlig Anstifter eller Leder af Mængden.*⁴⁷

⁴³ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868; Justisactene s. 403. Fleire trekte fram denne episoden der politimeisteren skal ha henta seg brennevin etter den lovlege tida hjå ein brennevinshandlar, men saka vart ikkje følgt opp det eg kjenner til.

⁴⁴ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868; Justisactene s. 404ff.

⁴⁵ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868; Justisactene s. 405.

⁴⁶ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868, Forhøyr, s. 155. 236 Dep. Soldat No 36 ved Depotcompagnie Jacob Bruland.

⁴⁷ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868; Justisactene s. 804.

Retten fann det var uråd å seie sikkert kva som skjedde om søndagen og kven som var involvert. Vidare var det heilt sentralt at det ikkje fanst nokon som helst bevis eller indisium på at arbeidarane som var samla i ulike skjenkestader planla valdelege eller andre ulovlege handlingar. Så lenge motiva ikkje var å utøve ulovlege handlingar, var den arbeidarmobiliseringa som føregjekk ikkje straffbar, og dei som var involvert måtte derfor også gå fri. Thollef Thorsen Vidsteen vart altså tiltalt for å ha "gaaet som Bud til Arbeiderne ved Gjærtsens Boder og Dekkes Værft med Opfordring til dem om at forlade Arbeide og gjøre fælles Sag med de paa Torvet forsamlede ligesom ogsaa selv at have opfordret til lignende hensendelse til Laxevaags Værk".⁴⁸ Retten dømde han til 25 dagar fengsel for brot mot ein av opprørsparagrafane, ikkje på grunn av innsatsen under arbeidarmobiliseringa, men under hendingane på Torget og utover dagen (krav om lauslating av arrestantar og motvilje om å gå heim etter at opprørsparagrafane var lest). Høgsterett stadfesta dette og dømde han for kravet om lauslating av arrestantar, men om innsatsen som bod konstaterte Høgsterett:

*Hvorvidt Tiltalte kan blive at straffe for at have bragt Bud til Dekkes Skibsværft og Gjærtsens Boder med Anmodning til Arbeiderne dersteds om at samles med de øvrige Arbeidere paa Torvet, og navnlig om han herfor kan blive at anse som Anstifter af Nogen Forbrydelse, er efter Rettens Mening tvivlsomt. - - Retten tør - saaledes ikke mod Vedkommendes Benægtelse anse det bevist, at Tiltalte eller de Andre, som bragte de omhandlede Budskaber til de forskjellige Værfter og Værker, have villet anstifte nogen Forbrydelse, saameget mindre som det stiller sig uklart, hvilken Forbrydelse der i Tilfælde skulde antages tilsigtet, og det derhos maa antages, at flere af Udsendingerne, som sees, efterat have frembragt det dem overdragne Budskab, at være gaaede bort uden at deltage videre i Optøjerne, neppe kunne forudsættes at have havt Ondt i Sinde.*⁴⁹

Overfor Niels C. Nygaard meinte aktor at "meget" talte for at han hadde hatt "væsentlig Andel i at det er kommet til de stedfundne Uroligheder". Etter lova var det likevel ikkje råd å karakterisere han som "anstifter", men derimot som "anfører" av forsamlinga og dermed gjere han straffbar etter kriminallova.⁵⁰ Retten avviste dette med grunngjevinga at Nygaard ikkje hadde hatt ulovlege motiv og frifann han. Høgsterett stadfesta dette og avviste aktor sin påstand om at Nygaard var "Anfører for nogen tumultuarisk Forsamling" fordi det ikkje kunne seiast at han hadde som formål å delta i "noget forbrydersk Foretagende".⁵¹

Påtalemakta reagerte mot personar dei meinte hadde noko med sjølve mobiliseringa søndagen og måndagen ved å tiltale dei for dette, men både underretten og Høgsterett avviste at denne mobiliseringa var straffbar. I tillegg tvilte retten på om det fanst eigentlege leiarar av aksjonen og synest såleis å ha hatt mest tiltru til forsvararen si karakterisering av opprøret som ei spontan og

⁴⁸ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868. Forhøyrprotokoll, s. 180.

⁴⁹ Norsk Retstidende, Christiania 1870, s. 281.

⁵⁰ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868; Justisactene s. 675.

⁵¹ Norsk Retstidende, Christiania 1870, s. 277.

heller tilfeldig hending. Dette aktualiserer spørsmålet om kven deltakarane i potetkrigen egentleg var. Var det engasjerte "heidarlege" arbeidarar provosert av oppkjøperiet, eller "pøbel" som stod for utagerande fyllerør? Då saka kom opp for Høgsterett i 1870, forklarte *Bergens Adressecontoirs Efterretninger* at årsaka til at ein del av dei tiltalte enno sat i varetekt var at dei "omfatte Udskuddet af Bergens Forbryderklasse".⁵² Dette fekk forsvararen til dei tiltalte i underretten, saman med fengselspresten, til å sende eit telegram til forsvararen i Høgsterett, advokat Birch:

*Rygtet: Poteteskrigarrestanterne er Udskuddet af Befolkningen aldeles uefterretteligt. En undtagen, skikkelige Folk, fordelagtigt udmærkende sig fra Varetægtsfanger i Almindelighed.*⁵³

Også Bergensposten reagerte kraftig på denne påstanden, særleg sidan redaktøren av Bergens Adressecontoirs Efterretninger var den tidlegare politifullmektigen som vart kasta i bakken.⁵⁴ Nettopp bakgrunnen hans som politiembetsmann burde gitt han betre kjennskap til dei faktiske tilhøva, meinte avisa. Om den tidlegare nemnde Thore Hallingstad forklarte dei to politibetjentane Holsen og Seim at han "ikke paa nogen Maade er dem ufordelagtig bekjendt".⁵⁵ Andre av dei tiltalte fekk sjølve henta inn attestar frå arbeidsgjevarar eller andre som kunne gå god for dei. Husverten til Andreas Fosse forklarte at han var "sagtmodig og fredsommelig og i ethvert Henseende ordentlig og brav Mand" dei 20 åra Fosse hadde losjert hjå han.⁵⁶ Likeins hadde Peder Larsen Kroken vist seg "aldeles som en beskeden og ordentlig ungt Menneske, aldrig opsætsig eller modvillig, men hans muntre Karakter gjorde ham afholdt saavel af Foresatt som af Kammerater" i si tenesteutøving.⁵⁷

Dei tiltalte sokna utan tvil til det ein kan kalle arbeidarklassa i Bergen. Ein kjenner yrket til 53 av dei 54 tiltalte, og på nokre få unntak nær tilhøyrde dei alle lågare sjikt i bysamfunnet. Me finn to dikselmenn og éin gesell som tilhøyrde den meir faglærte gruppa av arbeidarar, saman med seks tømmermenn, dei fleste med tilknytning til verfta. Andre meir spesielle yrke var ølskjenkar og steward på dampskip. Heile 13 av dei tiltalte var svennar i ulike fag, og saman med drengane utgjorde desse 43 prosent av dei tiltalte. Aldersmessig var dei tiltalte forholdsvis vaksne. Berre rundt ti prosent var under 20 år, vel 30 prosent var i 20-åra og nesten 60 prosent var over 30 år gamle.

Dei tiltalte var altså godt vaksne folk og det store fleirtalet hadde tilknytning til den meir tradisjonelle arbeidarklassa, ikkje til den framveksande gruppa av industriarbeidarar.

⁵² Bergens Adressecontoirs Efterretninger 19.2.1870

⁵³ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868

⁵⁴ Bergensposten 22.2.1870 og 24.2.1870.

⁵⁵ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868; Justisactene s. 61.

⁵⁶ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868; Attest 2445/69. Tiltalte No. 7

⁵⁷ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868; Attest 2445/69. Tiltalte No. 22

Forsvarsadvokat Danielsen påstod også at størstedelen av arbeidarane frå verfta var tilbake på arbeid allereie eit par timar etter at dei hadde forlate det, og at det var "ganske andre Folk" som utover dagen gjorde seg skuldige i brot mot opprørsparagrafane.⁵⁸ Arbeidarane på verfta var altså raske til å mobilisere, men også snare til å demobilisere. Mobiliseringa frå verfta gav likevel folk flest forståinga av at verftsarbeidarane var sentrale under heile opprøret. Verftseigar Krohn gjekk difor allereie tysdagen ut i Bergens Tidende og påstod at "Massen af de i Vigen boende" var tilbake før klokka seks.⁵⁹ Avisredaksjonen stadfesta at deltakinga av arbeidarane frå det mekaniske verftet ikkje var så talrik og kraftig som rykta ville ha det til, og at dei verftsarbeidarane som var ivrigast i byrjinga seinare trakk seg tilbake.

Av dei tiltalte hadde 60 prosent fullstendig reint rulleblad. 22 prosent var ikkje straffa, men mulktert av ulike grunnar. 13 prosent (sju stykker) var straffa, for det meste for tjuveri eller ulike valdshandlingar. Fem prosent av dei tiltalte hadde ikkje opplysningar om rulleblad i avhøyet. Minst kvar tredje av dei tiltalte hadde altså eit møte med politi og styresmakter frå før, dei fleste i form av mulktering, anten etter fyll, gatebråk eller brot på næringsvedtekter. I tillegg vart ein del av dei utan tidlegare straff, straffa med fengsel eller tukthus i andre saker seinare. Om eit fleirtal dermed kan seiast å vere lovlydige og "heidarlege" arbeidarar, er det likevel tydeleg at tumultane også har mobilisert ei gruppe med mindre respekt for alle nyansar i lovverk og vedtekter sett opp av styresmaktene.

Å få bøter var imidlertid ikkje spesielt uvanleg. På byrjinga av 1870-talet var det i Bergen om lag 2000 bøtesaker om året, om lag halvparten i samband med vertshusbråk, gateuorden eller slagsmål. I Bergen i 1875 var det omtrentleg rekna om lag 27 000 personar mellom 15 og 75 år, altså vart om lag 7.5 prosent av befolkninga bøtelagd kvart år. Tala er sjølv sagt svært omtrentlege – ikkje alle bøtelagde var heimehøyrande i Bergen. Likevel viser det at bøter var ganske vanleg og ikkje nødvendigvis uttrykk for at ein verken var marginalisert eller tilhørde noko utskot i bysamfunnet. Dei kriminelle, altså dei som vart straffedømde, kan i større grad seiast å gjere det, og kanskje i aller størst grad tvangslemmane i byen.

Etter fattiglova kunne politiet etter administrative vedtak setje personar dei mistenkte for å kunne begå kriminelle handlingar på tvangsarbeid i inntil seks månader. Dette var gjerne prostituerte kvinner som ikkje innordna seg den offentlege prostitusjonen, arbeidslause og alkoholiserde menn og personar politiet mistenkte for konkrete lovbro, men som dei ikkje trudde

⁵⁸ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868; Justisactene s. 775.

⁵⁹ Bergens Tidende 18.8.1868

dei kunne bevise i ein rettssak, huslause eller lausgjengarar. Tvangslemmane var verkeleg byens "udskud" og slettes ikkje rekna som deler av den "heidarlege" arbeidarklassa.⁶⁰

Forhøyra viste klart at mange av deltakarane var berusa, til dels sterkt berusa, både deltakarane sjølve og representantar frå styresmaktene forklarte det. Det gir for så vidt grunn til å mistenke at tiltalte etter potetkrigen kan ha vore rekruttert frå miljøet rundt tvangsarbeidsanstalten. Berre éin av dei tiltalte hadde imidlertid hatt opphald på tvangsarbeidsanstalten før opprøret, i tillegg til at tre andre tiltalte enda opp der innan utgangen av 1875. Miljøet rundt tvangsarbeidsanstalten vart altså ikkje mobilisert, sjølv om enkeltindivid deltok. Fleirtalet av tvangsarbeidarane mangla også ressursar, både fysisk og psykisk, til å ha noko stor rolle i det som skjedde, prega av mangeårige alkoholproblem som dei fleste var.

Byen hadde sine utgrupper av kriminelle og tvangsarbeidarar som mottok ulike sanksjonar i eit akselererande tempo. Men me finn få av desse som avhøyrde eller tiltalte etter potetkrigen. Eit fleirtal av dei tiltalte var ustraffa og kan knytast til ein såkalla "heidarleg" og tradisjonell arbeidarklasse. Det var ikkje denne gruppa av arbeidarar styresmaktene frykta mest. Dette var relativt lovlydige, sindige og konservativt innstilte arbeidarar med reaksjonære mål og tradisjonelle aksjonsformer. Det var heller ikkje denne gruppa som var mest utsett for sosialistisk agitasjon. Dei utgjorde under potetkrigen ein ordensmessig utfordring for styresmaktene, ikkje ideologisk. Det viste også styresmaktene sin reaksjon i etterkant. Det var ikkje politisk oppvigleri dei slo ned på, men bruk av vald og krenking av staten sin autoritet. Potetkrigen starta nok som eit sosialt motivert opprør, men enda meir eller mindre som valdeleg fyllerør, sjølv om ikkje den såkalla "bermen" prega opprøret.

Det vart sagt i avhøyr at arbeidarane på søndagen hadde vorte samde om at alle måtte møte edrue på Torget dagen etterpå. Det skjedde ikkje, tvert om. Såkalla "heidarlege" arbeidarar tok initiativ til mykje av det som skjedde, særleg den utan tvil planlagde mobiliseringa på måndag føremiddag og kontakten som elles var med styresmakter før og under krigen. Enkelte av desse leiarfigurane trakk seg tilbake då demonstrasjonane ikkje førde fram, men tvert om glei ut i uønska vald. Utover måndagen, då situasjonen kom noko ut av kontroll, vart initiativet overtatt av kanskje mindre "heidarlege" arbeidarar i foreining med arbeidarar som vart rekna som heiderlege, men som vart oppgira av styrkande drikkar og provosert av det stadig sterkare militære nærveret. Bergensposten skreiv også allereie måndagen at oppkjøperiet og mangel på arbeid starta oppløpet, men at mengda tapte denne saka av syne og brukte energien på å få dei arresterte lauslatne.⁶¹ Etter at verftsarbeidarane hadde trekt seg tilbake, skreiv Bergens Tidende at

⁶⁰ Om tvangslemmane i Bergen på 1800-talet, sjå Frode Ulvund: *"Byens udskud"? : ein studie av karrierar som innsett i tvangsarbeids- og straffanstalt i Bergen ca. 1850-75*, Bergen 2002

⁶¹ Bergensposten 18.8.1868

*"Sluske og Æventyrere af alle Slags, hvoraf enhver større By huser mange, nu havde paataget sig, at lede Optøierene. Det var for en stor Del Folk, for hvem Æren allerede før var fløiten, og som saaledes havde lidet at tabe paa sit gode Navn og Rygte."*⁶²

Påstanden er diskutabel. Mellom dei åtte som var tiltalte for å ha delteke i *mobiliseringa*, var tre mulktert for politimisferd og ein av dei hadde i tillegg eit opphald på tvangsarbeidsanstalten og éin skulle få det nokre år seinare. Av dei resterande som berre vart dømde for vald eller motstand mot styresmakter, hadde 30 av 45 heilt reine rulleblad (to tiltalte hadde ingen opplysningar om dette). Det er såleis ingenting som talar for at dei som vart tiltala for meir utskeiande aktivitetar var gjennomgåande meir berykta enn dei som stod for mobiliseringa. Det er likevel ein gyldig påstand at det heile i større eller mindre grad utvikla seg til eit fyllerør. Retten peikte også på dette før den gjekk over til å vurdere kvar enkelt tiltalte si straffeskyld, og konkluderte at

*[...] Flerheden av dem [dei tiltalte], navnlig de, som have gjort sig skyldige i voldsomme Angreb paa Militæret, neppe kunne antages at have været sig fuldt bevidste, hvor stort det Ansvar var, for hvilket de udsatte sig, og at de have handlet under Indtrykket af den gennem hele Arbejderbefolkningen gaaende Stemning, samt at Nydelsen af stærke Drikke, hvortil den største Deel af dem under sin Lediggang den omhandlede Mandag maa antages at have hengivet sig, formentlig i ikke ringe Grad, har givet dem Mod og været en medvirkende Aarsag til deres Voldsomheder.*⁶³

Siste akt i krigen, staurangrepet måndagskvelden, var det også meir eller mindre gutungar og læredrengar som tok initiativet til, ikkje vaksne arbeidarar. Potetkrigen hadde slik preg av både å vere eit sosialt opprør og eit fyllerør. Ei vise om krigen som kom ut i 1869 forfatta av "En, som fik slik Skræk i Blodet, at han først nu er kommen sig", forklarte årsaka til krigen på vers:

*Det var Opkjøberiets Skyld
og saa en liden Smule Fyld.*⁶⁴

Den manglande viljen til å ta ansvar for hendingane og nytte rettssaka som ein talarstol for dei sosiale problema ein meinte vart utløyst av frihandelen, tyder også på eit etterkvart sterkt preg av fyllerør. Påtalemakta reagerte mot begge gruppene, medan rettsvesenet slo ned på det siste. 20 vart tiltalte for motstand mot politiet, verbalt eller ved å nekte å flytte seg, eller ved å hindre arrestasjonar, 26 vart tiltalte for å ha brukt vald mot særleg soldatar og borgarvæpninga, som ved steinkasting og angrep med staurar. Åtte vart tiltalte for å ha organisert den innleiande fasen av oppløpet, alle for å ha gått bod, eller fått andre til å gå bod, til dei ulike verksemdene for å mobilisere til oppløp. Dei strengaste straffane fekk dei som hadde brukt direkte vald. Dei som kan

⁶² Bergens Tidende 19.8.1868.

⁶³ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen(Potetkrigen) 1868; Justisactene s. 820.

⁶⁴ Bergen offentlege bibliotek: En næsten ny vise om Poteteskrigen i Bergen i Sommeren 1868.

reknast som organisatorar og som gjekk som bod, vart frikjende for den delen av innsatsen, men dei fleste av dei fekk mellom 10 og 25 dagar fengsel for andre tilhøve under oppløpet.

Eit fleirtal var altså ustraffa og kan knytast til ein "heiderleg" arbeidarklasse. Vektlegginga på å mobilisere arbeidarane på dei større verksemdene i og ved byen, peiker også i retning av at vanlege arbeidarar stod sentralt i det som hende. I staden for å omtale "krigen" som anten eit sosialt opprør eller eit fyllerør, er det meir presist å seie at oppløpet gjekk frå å vere eit sosialt motivert opprør til eit fyllerør.

Styresmaktene sin reaksjon etter potetkrigen vart også retta mot dei som hadde nytta vald, og ikkje først og fremst leiarfigurar og "politisk kriminelle", slik tilfelle ofte var ved tidlegare opprør. Interesse for kven som var leiarar under opprøret var ikkje motivert ut frå ønske om å straffe farleg politisk aktivitet, men å klargjere straffeansvar etter opprørsparagrafane i kriminallova. Med det akutte minnetapet deltakarane framviste under avhøyra i etterkant, og dei elles motstridande opplysningane som kom fram, var det heller ikkje lett å identifisere eigentlege leiarfigurar i oppløpet. Potetkrigen framstår altså gjennom kjeldematerialet som ein krig utan generalar eller andre befal frå arbeidarsida, men med ein haug balstyrige menige brusehovud. "Krigen" var då også eit spontant uttrykk for misnøye som utarta seg meir til eit dramatisk fyllerør enn sosial protest. Det var også valden utført under "fyllerøret" styresmaktene først og fremst slo ned på.

" saa tidligt grebet til Bajonetternes Hjelp"

Kort tid etter at opprøret var slått tilbake starta ein debatt i bergensavisene om bruken av makt, og særleg militærmakt, for å løyse ordensproblema som oppstod. Allereie mandagen då opptrinnet stod på som verst meinte Bergens Adressecontoirs Efterretninger at politiet hadde vist nok "Langmodighed" overfor tumultuantane og at den fredelege tilnærminga måtte vike for meir "energiske Forholdsregler, som Byens Sikkerhed paa nuværende Standpunct gjør absolut Fordring paa".⁶⁵ Det var nettopp dette som skjedde utover mandagen, då også borgarmilitæret vart mobilisert, samtidig som det ordinære militæret vart forsterka og gitt løyve til å bruke geværkolbar og bajonettar i utfalla mot demonstrantane. Bergens Adressecontoirs Efterretninger beundra den påfølgjande dagen den "Ro og Humanitet, som den hele Tid udvistes fra samtlige Befalhavendes Side", og konstaterte at det var desse ein kunne takke for at eit blodbad ikkje hadde funne stad.⁶⁶ Det same meinte avisa galdt soldatane som klarte å halde seg rolege under steinkastinga. Også Bergens Tidende la stor vekt på at militæret hadde fare skånsamt fram:

Havde Soldaterne villet benytte sig af sin Overlegenhed og kraftigere anvendt Bajonetten, hvade det været snart at splitte Mængden, men der maatte natrulegvis fares frem med saa megen Lempe som mulig, hvad desværre Angriberne lod til at opfatte feilagtig, idet de antog den Skaansomhed,

⁶⁵ Bergen Adressecontoirs Efterretninger 18.8.1868

⁶⁶ Bergen Adressecontoirs Efterretninger 19.8.1868

*der vistes dem, ikkje skrey sig fra Overbærenhed, men ene og alene fordi 'man ikkje havde Lov' at anvende skarpe Vaaben.*⁶⁷

Dette var også dei sentrale styresmaktene sitt inntrykk. Justis- og politidepartementet bad allereie 3. september stiftamtmanden om å slutte å sende inn utskrifter frå forhøyra og uttalte samtidig

*sin Anerkjendelse af den Conduite og det Maadehold hvormed de efter de fremkomne Oplysninger fra alle vedkommende Autoriteters Side sees at være gaaet frem under de stedfundne beklagelige Forstyrrelser af den offentlige Rolighed.*⁶⁸

I veka etter opprøret byrja så smått kritikk mot måten opprøret vart handsama på å kome til syne som lesarinnlegg i Bergensposten. Avisa hadde allereie dagen etter opprøret fått eit lesarbrev som kritiserte politiet for ikkje å henge opp plakatar søndagen som truga med arrestasjon av alle som møtte fram som tilskodarar, slik at politiet berre hadde hatt "slusken" å forhalde seg til.⁶⁹ Bergens Tidende harselerte umiddelbart over alle desse vismennene som i etterkant, når faren var over, dukka fram og skulle gi råd.⁷⁰ Også Bergensposten trykte nokre dagar seinare eit lesarbrev som gjekk i rette med denne kritikken av politiet.⁷¹ Slike plakatar kunne ha gjort vondt verre ved å hisse opp ei stemning som på søndagen enno ikkje var gitt ville føre til dei hendingane ein såg måndagen.

Størst debatt utløyste imidlertid bruken av militærmakt. Ein anonym korrespondent til *Norsk Folkeblad* gav uttrykk for at "alle" vart forbausa då General Klouman, kommandanten på Bergenhus, kom ridande i full uniform etterfølgt av underoffiserselevar på laurdagskvelden, og at det etterkvart sterke militære nærveret berre tente til å tirre mengda som var samla.⁷² Den same korrespondenten påstod vidare at mange om søndagen var harme over "at Politiet havde handlet saa uforsigtig og saa tidligt grebet til Bajonetternes Hjelp" og politiet burde "fremfor Alt undladt at benytte Soldater mod Mængden."⁷³ Misytringar skal også ha kome til uttrykk då militæret marsjerte opp framfor Børsen for å verne politimeisteren måndag. Synet av soldatane gjorde galt til verre, skreiv korrespondenten, og mengden gav høglydt uttrykk for at borgarmilitæret skulle vore brukt før soldatane vart kalla ut. Denne uviljen mot soldatane var visstnok tradisjonsbestemt, og bergensarane hadde for vane å gje soldatane økenamn. "Jo mer Militæret kom frem og viste sin Magt, trængte Mængden tilside og optraadte som Arbejdernes Tugtemestere", dess verre vart spektakla, skreiv bladet. Korrespondenten klagde også over at ikkje "Vandleeningen, der ellers har

⁶⁷ Bergens Tidende 18.8.1868

⁶⁸ BB; Borgervæpningen. Brev til Stadshauptmanden 1866-68. No. 1872. Brev frå Justis- og Politidepartementet datert 3.9.1868 med stiftamtmanden si påteikning om at innhaldet burde gjerast kjend for borgarvæpninga.

⁶⁹ Bergensposten 25.8.68

⁷⁰ Bergens Tidende 25.8.1868

⁷¹ Bergensposten 28.8.68

⁷² Norsk Folkeblad 5.9.1868, brevet datert 25.8.1868.

⁷³ Norsk Folkeblad 5.9.1868

saa afkjølede Virkning paa opflammende Menneskemasser" vart tatt i bruk før soldatane vart utkalla, eit verkemiddel også Bergens Tidende etterlyste.⁷⁴

Eit lesarbreiv signert "Et Øienvidne" gjekk i Bergensposten hardt ut mot enkelte av dei militære befala.⁷⁵ Han meinte at ikkje alle var samde i at militæret hadde hatt ein lemfeldig opptreden, slik avisene hadde skrive. Fleire avdelingar stod rett nok under sindige kommandoar, men ikkje alle. Særleg utmerka éin av løytnantane seg ved å vere i fyr og flamme og oppføre seg som om han var i slag mot barbarar. Han skal ha ropt

Gutter! Forsøg om I er Herre over Geværret! Lad mig se om I kan gjøre et kraftig Kolbestød! Det kommer at gaa du over Os! En af Vore er allerede saaret! Naar jeg kommanderer 'Gaa paa' Gjør Eders Pligt.

I følge augevitnet var det ei lykke at denne løytnanten ikkje stod i fremste rekke, men utgjorde ein reserve. Det var ikkje berre måten enkelte befal oppførte seg som var beklageleg, men at militæret i det heile var utkalla. I staden burde det meir "dannede og sindige" borgarmilitæret ha vore sett inn frå først av. Militæret såg på uroa gjennom forstørrelsesglas, tydelegvis i motsetnad til borgarmilitæret. Politimeisteren og fullmektigen fekk likevel attest for utvist humanitet og "koldsindighet".

Dette augevitnet vart i Bergens Tidende avfeid og uthengt som ein av tumultuantane. Augevitnet, forklarte avisa, kritiserte berre fordi den militære maktbruken mest sannsynleg hadde gått ut over han sjølv. Bergens Tidende antyder at han kanskje fekk eit kolbestøyt måndagen, i alle fall hadde han fortent det, meinte avisa. Ønsket om at militæret ikkje vart sett inn såg avisa berre som tumultuantane sitt ønske om mindre motstand i sine ulovlege utskelingar. Avisa på si side såg ikkje noko prinsipielt betenkeleg med militærbruken. Også Bergens Adressecontours Efterretninger gjekk hardt ut mot antydningar til kritikk av maktbruken. Avisa let trykke eit sarkastisk oppdikta lesarinnlegg stila til redaktøren av Bergensposten og som gav inntrykk av å vere skrive av ein av dei verste tumultuantane. Den fiktive innsendaren, "En virksom Deltager i Kampen for de Undertryktes Ret", skreiv:

[...] dersom vi blot havde faaet Lov til at godsnakke med Politimeisteren alene, skulde vi nok have sat vor Villie igjennem, at befri de hæderlige Borgere, som havde opofret sig for det almindelige Bedste; ja selv om 'den mer dannede og sindige Borgermilits' var kommet til, vilde Affæren sandsynligvis have løbet heldigt af for os, men med det grove og hidsige Militær er der intet Udkomme. Hvor vi ærgrede os, hvor gjerne vi havde tynet dem Allesammen, dersom vi bare havde kunnet. Især vakte den Løitnant, De omtaler, vor Harm. Jeg havde en god Brosten i Beredskab til han, men uheldigvis stod jeg noget trangt, saa jeg ei kunde tage ordenligt Sigte, men udskjældte ham gjorde jeg af Hjertets Lyst; at mine saftige Udtryk vare heldige, tør jeg slutte af det Bifald de vakte.⁷⁶

⁷⁴ Bergens Tidende 18.8.1868

⁷⁵ Bergensposten 25.8.1868

⁷⁶ Bergens Adressecontours Efterretninger 27.8.68

Avisstriden var ein strid mellom Bergensposten på den eine sida og Bergens Tidende og Bergens Adressecontoirs Efterretninger på den andre. Den første skulda dei to siste for å ha nære band til politiet og framstå som naturlege forsvarar for dette, noko dei nekta for.⁷⁷ Til gjengjeld viste dei to siste avisene tydeleg forakt for Bergensposten og kritiserte denne for å vere "tøilesløs" og for ikkje å vere korrekt i referata sine. Bergensposten var opsetsig mot styresmaktene og hadde også motteke mange og alvorlege refselsar, utan at dei vart vidare forklart. Aviskranglinga avspeglar ein konservativ-radikal konfliktdimensjon som sjølvstendig ikkje var avgrensa til denne saka aleine. Framstillinga av hendingane i Norsk Folkeblad viste likevel at Bergensposten ikkje stod heilt aleine med den offentlege kritikken av maktbruken.

Bruken av militærmakt, både frå garnisonen og borgarvæpninga, mot demonstrantar hadde samanhang med måten politiet var organisert på. Bergen fekk eit politimeisterembete så langt tilbake som i 1692, men politistyrken var heile tida fram til potetkrigen ein svært avgrensa organisasjon.⁷⁸ Politimeisteren disponerte éin politifullmektig og éin politiadjutant som begge i tillegg til praktisk handheving av politivedtekter også hadde betydeleg administrative oppgåver. Viktigaste politihandhevarane i gatene var politibetjentane, ti i talet då potetkrigen braut ut. Desse hadde sine område av byen dei patruljerte i, der dei skulle ha særleg kjennskap til alle tilhøve som var av interesse for politiet.⁷⁹ I tillegg hadde politimeisteren også eit politibod og ein forhørsskrivar som ikkje hadde eigentlege politioppgåver. Om natta hadde ikkje byen eit politiapparat i teneste, men derimot eit *vektarkorps* på 38 avdanka og politimessig lite tenlege eldre menn. Vektarkorpsset vart sett på med spott og hadde som viktigaste funksjon å halde utkikk etter brann. Tilliten til vektarkorpsset var nok ikkje den beste, og for å styrke vakthaldet og brannberedskapen hadde byen også vaktstyrkar som utgjekk frå borgarane. *Patruljevakten* tenestegjorde om vinteren. Byen vart inndelt i 8 kompani med tre roder i kvar. Desse stilte ein leiar, seks mannskap og to reservar kvar. Kvart kompani hadde si patruljestove i dei enkelte områda dei møtte opp på, og dei patruljerte også kvart sitt område om natta. *Borgarrunden* utgjekk opphavleg frå huseigarane, men fekk tidleg på 1800-talet ein fast vaktstyrke betalt med eigen skatt. Desse var til saman 36 personar der 16 av dei gjorde teneste kvar natt. Deira funksjon var å inspisere vektarane og patruljevaktene. Sjølv om desse vaktstyrkane også greip inn ved forstyrring av orden, var utkikk etter brann den viktigaste funksjonen, og dei fungerte altså berre om natta, og delvis berre i den mørkaste årstida.

⁷⁷ Også juli 1869 raste ein pressestrid mellom Bergensposten og Bergens Adressecontoirs Efterretninger, der den første beskyldte den siste for å vere eit reint politiorgan.

⁷⁸ Om utviklinga av politiet i Bergen, sjå J.Olsen: "Politivæsen, strafferetspleien, fængsel, strafanstalter m.v.," band I i *Bergen 1814-1914*, Bergen 1914, K.Sydnes: *Bergen politi. Politi og vakthold i Bergen i gammel og ny tid*, Bergen 1949 og A.B.Fossen & E.Ertresvaag: *Til Indvohnernes større Sikkerhed. Bergen Politikammer 1692-1992*, Bergen 1992

⁷⁹ Sjå t.d. *Instrux for Politibetjentene i Bergen*, Bergen 1846 – finst ved Universitetsbiblioteket i Bergen.

Det gir seg sjølv at ein etat på 13-15 politimenn på dagtid heilt var ute av stand til å handsame ein situasjon med mange hundre demonstrantar og tusenvis av nyfikne tilskodarar. I tillegg finst fleire kjeldeutsegn som tyder på at politiet ikkje alltid vart respektert av befolkninga i byen og dermed mangla den nødvendige autoriteten til å handsame ordensproblem. I domspremissane delforklarte underretten motstanden og valden mot politiet som innleia tumultane med at "[...] der hos den herværende Arbeiderbefolkning findes en beklagelig Mangel paa Agtelse for Loven og de til den lovlige Ordens Opretholdelse anordnede Aucoriteter [...]".⁸⁰ Eit konkret døme på dette fann stad nokre dagar før opprøret braut ut. På Torget samla det seg ein del arbeidsfolk som "vilde forulempe en Mand, som med Politiets Tilladelse stod der og udsolgte Potates."⁸¹ Politibetjent Johnsen var til stades og forsøkte på å spreie folkemengda. Oppfordringane hans vart alldeles ignorerte, og då det i tillegg til arbeidsfolk også hadde samla seg ein del smågutar, tenkte politibetjenten:

"Staar det ikke i hans Magt at faae de Voxne bort, saa maa han ialfald kunne faa Smaagutterne væk". Han tiltalte derfor disse og bad den forføie sig afsted, hvilken Opfordring mange af dem efterkom. Andre bleve derimod staaende. Dept [politibetjenten] sagde til disse, at der skal blive noget Andet af, hvis de ikke vilde efterkomme hans Opfordring og begive sig bort. Da de desuagtet ikke gik, tog Dept. den Ene af dem i Nakken og rendte ham omkring for at han skulde gaae, men Gutten kastede sig ned i Gaden. Ogsaa en anden Dreng tog Dept i Nakken paa samme Maade. Disse to Dreng havde da netop sagt til de Folk, der kom og vilde kjøbe af Johannes Raa [ein oppkjøpar], at de ikke maatte handle hos denne, thi dere har ikke Lov til at kjøbe af ham. En Anden Dreng tiltalte Dept. ogsaa og sagde til ham: "Vil Du ikke gaae", men Drengen gik kun et Par Skridt tilbage og blev staaende der paany. Dept. gav da Drengen et Slag over Nakken med sin Paraply, men denne blev desuagtet staaende. Da var det, at Anmeldte [Handelsbetjent Carl Tresfeldt] kom tilstede og denne sagde til de Omkringstaaende: "Nu saa Dere, hvad Politibetjenten gjorde" [...]"⁸²

Handelsbetjenten gjekk så rundt og skulle samle vitne for å melde politibetjenten for valdsbruk, men vart sjølv arrestert og gitt 2 speciedalar i bot for ordensforstyrring. Episoden viser klart at ikkje berre vaksne kunne ignorere pålegg frå politiet, men at politiet også hadde vanskar med å disiplinere sjølv smågutar i mindre forsamlingar.

Manglane ved politistyrken var godt kjend lenge før opprøret fann stad.⁸³ Allereie i 1840-åra vart eit arbeid sett i gang for å omorganisere etaten og den første komitéinnstillinga låg føre i 1847. Dette framlegget bygde i stor grad på den eksisterande organisasjonen, men ønskte å styrke vektarkorpset kvantitativt og gjere det meir attraktivt for yngre og meir høvelege folk, i tillegg til profesjonalisering av patruljevakten. Det eigentlege politiet vart altså ikkje føreslått endra, og

⁸⁰ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen(Potetkrigen) 1868, Justisactene s. 819.

⁸¹ SAB; Politimesteren i Bergen. Forretningsjournal 5, 1867-70, 11.8.1868

⁸² SAB; Politimesteren i Bergen. Forretningsjournal 5, 1867-70, 11.8.1868

⁸³ Sjø A.B.Fossen og E.Ertresvaag: *Til indvohnernes større Sikkerhed. Bergen Politikammer 1692-1992*, Bergen 1992 for ein grundig gjennomgang av reorganiseringa av politiet.

politioppsynet om dagen vart dermed ikkje berørt av framlegget. Initiativet vart ikkje følgt opp, først og fremst på grunn av kostnadene. Problema vart likevel etterkvart meir openberre, og i 1862 innstilte ein ny komité eit framlegg til reorganisering av vaktordninga for byen. Også denne komitéen såg på ei styrking av den eksisterande organisasjonen som ein veg å gå, men påpeika at oppsplittinga av krefter (politi, vektarar, borgarrunden, patruljevakt) var eit problem. Komitéen gjekk difor inn for ei fullstendig reorganisering der alt vakthald skulle overlatast til 48 konstablar i staden for dei gamle ordningane med vektarar og borgarar. Om dagen skulle byen også ha åtte konstablar, slik at beredskapen var noko styrka om forslaget hadde vorte vedteke av Magistraten. Det vart det ikkje, også denne gongen på grunn av kostnadene reorganiseringa ville medføre. I motsetnad til i dag, var politiet i stor grad ei kommunal oppgåve. Berre politiembetsmennene - politimeisteren, adjutanten og fullmektigen var lønna av staten, resten av kostnadene låg på kommunen. I 1863 vart difor forslaget forkasta, og politietaten var framleis ved sitt gamle og utdaterte preg fem år seinare, og følgjeleg fullstendig ute av stand til å handtere eit større oppløp på eige hand.

Politiet var altså openbert avhengig av assistanse ved større demonstrasjonar og oppløp. Å setje inn det vakleворne vektarkorpset mot demonstrantane var ein så fjern tanke at den aldri vart tenkt. Det ville uansett berre gitt politiet meir arbeid enn nytte. Dermed hadde ikkje politiet anna val enn å ty til framand hjelp når noko ekstra stod på. Tilgjengelege alternativ var det regulære militæret frå garnisonen på Bergenhus, underoffiserskulen og borgarvæpninga. Det første alternativet var det enklaste sidan politiet her fann ein ståande styrke som til ei kvar tid stod klar til å rykke ut på kort tid. Slik var politimeisteren i stand til å stable på beina ein liten militærstyrke umiddelbart ved behov.⁸⁴

Borgarvæpninga hadde ingen ståande styrkar, men lot seg mobilisere relativt raskt. Ein stadshauptmann var leiar for borgarvæpninga og hadde under seg ein infanteribataljon på fire kompani og ein artilleribataljon på like mange kompani.⁸⁵ Borgarvæpninga bestod av borgarane sjølve, og verneplikta for infanteribataljonen starta då ein tok borgarskap og varte til fyllte 50 år. Artilleribataljonen bestod for det meste av handverkssveinar og -drengar i byen, og her starta verneplikta etter konfirmasjonen. Infanteribataljonen hadde om lag 700 menige og om lag 40 ulike befall, medan artilleribataljonen hadde om lag 450 menige og om lag 70 befall. I alt kunne dermed borgarvæpninga stille over 1200 mann under våpen om nødvendig. I mobilisert tilstand utgjorde borgarvæpninga altså ein betydeleg militær styrke.

⁸⁴ I forhøyr gav politimeisteren uttrykk for at han kom til Torget klokka 18.30 og talte litt med mengden før han tilkalla den første militærstyrken (SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868, forhøyr fol. 9). Vaktjournalen til hovudvakta på Bergenhus har imidlertid tidfesta utsendinga av assistanse allereie til 18.15 (SAB; Rapportjournal for Bergenhus festnings hovedvagt 1868-69, rapport datert 18.8.1868). Uansett indikerer dette at mobiliseringstida var svært kort for denne første styrken.

⁸⁵ Sjå A.M.Wiesener: "Bergen Borgervæpning", band I i *Bergen 1814-1914*, Bergen 1914.

Bergens Tidende konstaterte manglane ved politiet allereie tysdagen etter oppløpet og meinte at tumultane viste at borgarvæpninga ikkje kunne avskaffast så lenge garnisonen ikkje vart betydeleg styrka.⁸⁶ Noko behov for omorganisering av politiet gav likevel ikkje avisa uttrykk for var nødvendig som ein konsekvens av hendinga. Det gjorde derimot Bergensposten som ei lita veke etter oppløpet slo fast at hendingane brakte spørsmålet om ei betre organisering av politiet på bana fordi

*vor nuværende Politistyrke i Almindelighed ikke er istand til med den fornødne Lethed at bringe Orden og Ro tilveie, i en ganske fredsommelig Menneskemasse, og at Politiet ligeoverfor en Smule Tumult eller almindelige Gadespetakler maa paakalde fremmed Hjælp i Tilfælde, hvor det burde kunne klare Sagen alene.*⁸⁷

I slutten av juli 1868 utløyste politiet sitt behov for assistanse ein debatt i bergensavisene. Ein innsendar i Bergensposten kritiserte politiet sin praksis ved ein konkret arrestasjon der assistanse frå meir eller mindre tilfeldige forbipasserande vart nødvendig og som i følgje innsendaren resulterte i ein blodig og uverdigg arrestasjon. Dette var i følgje innsendaren vanleg

*"[...] og som sædvanlig havde Politiet ikke sine Folk ved Haanden i tilstrækkelig Grad; nogle Sjouere bleve derfor tilkaldte og sloges med den ene Arrestant, mens tre Vognmænd holdt stille for at kjøre Arrestanten."*⁸⁸

Dette var like ubehageleg for politiet sjølv som for befolkninga elles, og det gjekk ut over vyrnaden, sjølvrespekten og sjølvtilitten til politiet å måtte ty til framand hjelp ved eit kvart ekstraordinært tilfelle. Konklusjonen var at ein meir tidsmessig organisasjon var påkravd og avisa peika særleg på behovet for å auke lønene slik at gjennomtrekken i politistyrken på alle nivå vart mindre. Ein god månad seinare, etter opprøret, tok avisa opp spørsmålet om ei reorganisering av politiet på nytt og la ansvaret for at dette ikkje allereie var gjennomført på kommunen som ikkje hadde vore villige til å ta på seg dei kostnadene som var nødvendige.⁸⁹ Avisa meinte å vite at embetsmenn i politiet hadde heldt fram med å utarbeide nye forslag til reorganisering også etter det siste avslaget i kommunen, og avisa oppfordra no om at desse arbeida måtte gjerast offentleg for å få ein debatt i gang og påfølgjande snarleg reorganisering. Forslaget fekk inga umiddelbar oppfølging, men i desember 1871 ba stiftamtmanden politimeisteren om å setje i gang eit nytt arbeid for å få politiet reorganisert, og i 1873 låg igjen ei ny komitéinnstilling føre. Året etter vedtok kommunen å erstatte dei gamle institusjonane med vektarar, borgarrunde og patruljevakt med eit nytt konstabelkorps på 56 politikonstablar og tre undervaktmeistrar, 24 av desse patruljerte om dagen og 32 om natta.

⁸⁶ Bergens Tidende 18.8.1868

⁸⁷ Bergensposten 22.8.1868

⁸⁸ Bergensposten No 172 1868, her sitert frå Bergens Tidende 25.7.1868.

⁸⁹ Bergensposten 5.9.1868

Hendingane i 1868 sette ikkje synlege spor etter seg i debatten opp mot dette vedtaket.⁹⁰ Reorganiseringa skulle ivareta ordinære politioppgåver, ikkje gjere politiet i stand til å handsame oppløp av dei proporsjonane ein såg i 1868. Slik sett var politiet framleis avhengig av militæret og borgarvæpninga (fram til det vart nedlagd i 1881), men tilsvarande militærhjelp vart likevel aldri igjen tatt i bruk mot byen si eiga befolkning.

Potetkrigen - ein klassekrig?

Militære styrkar vart hyppig sett inn i ulike sosiale konflikhtar i Noreg frå slutten av 1870-åra og framover, slik dei også hadde vore nytta under den verste Thrane-frykten rundt 1850. I 1878 braut det ut uro på Kampen i Oslo og mellom 15 og 20 000 folk skal ha delteke på ulike måtar. Barrikadar vart bygde og kavaleristar vart slått tilbake med stein. Først då fotsoldatar bevæpna med bajonettar vart sett inn, fekk militæret kontroll over situasjonen. I 1881 vart ein gut drepen i Drammen då soldatar opna eld i eit gateslag med streikande arbeidarar. I samband med streikar, under bygginga av Ofotbana i 1890-åra og då fiskarar gjekk til angrep på eit anlegg for foredling av kval i Mehamn i 1903, vart soldatar sette inn. Hendelsane har til felles at militær makt vart sett inn mot arbeidargrupper.

Maktbruken under potetkrigen må likevel i større grad oppfattast som ordensmakt enn som konspiratorisk klassemakt. Den var først og fremst uttrykk for at styresmaktene hadde behov for å få kontroll på eit utartande ordensproblem og var i og for seg utan brodd mot særskilde samfunnsklassar. Å sjå på maktbruken som reaksjonære styresmakter sin kamp for å konservere etablerte samfunnsstrukturar er skjematisk og forenkla. I den samanheng er det også interessant å konstatere at forsvarsadvokaten ikkje unnskylda dei valdelege handlingane til dei tiltalte med at dei var framprovosert av ei fiendtleg militærmakt.

Arbeidarklassa i Bergen var ikkje frykta av dei øvre sosiale laga i byen. Ein konsekvens av det var at den lokale beredskapen mot uro var neglisjert over lengre tid. Det var store sosiale skilnader i Bergen som i Norge generelt på 1800-talet, og arbeidarklassa kan ha hatt ei kjensle av å vere underprivilegert. Men sosiale skilnader fører ikkje automatisk med seg klassemotsetningar og konflikt. Slike motsetningar var nok størst i Austlandsområdet, men også her er det problematisk å tale om ei arbeidarklasse i eigentleg forstand ved midten av 1800-talet, med sjølvmedvit, mål og strategi. Thranerørsla hadde slike kjenneteikn, og rysta også dei etablerte.

Arbeidarspørsmålet og klassemotsetningane var eit langt meir akutt spørsmål utanfor Norge, i Storbritannia på 1830-40-talet og på kontinentet under revolusjonane i 1848. Frykta for arbeidarklassen som kom til syne i desse landa gjorde seg gjeldande også i Norge, men meir som

⁹⁰ Sjå *Bergen Kommunes Forhandlinger* i åra fram mot 1874.

ein importert frykt enn som sosial realitet.⁹¹ Klassemotsetningar og klassekamp var noko ein frykta *kunne* kome også til Norge. Ein frykta likevel ikkje så mykje arbeidarane sjølve som sosialistiske agitatorar som reiste land og strand rundt i møte med arbeidarar. Såleis kunne Anton M. Schweigaard alt i 1851 tale om dei mange menneska som kvar for seg ikkje "havde saa meget ondt i Sinne", men som vart forleda og som kom i slik kollisjon med samfunnet at dei måtte "mødes med Bly og Jern".⁹² I Norge var det "lykkeligvis" tale om "mindre udstrakte Bevægelser", men "i de store Stater saa man det samme i en større Målestok". Ansvar for samfunnsomstyrtande reising låg ikkje hjå arbeidarane og den uopplyste massen, men hjå leiarfigurar og agitatorar. Men Thranerørsla, som Schweigaard her tenkte på, var spesiell, og det er truleg grunn til å gje Jens Arup Seip rett når han skriv at frykten for arbeidarklassa i Norge først vart reell etter 1870, med parisarkommunen, den første Internasjonale, dei første fagforeiningane i Norge, dei første moderne streikane og ein aukande sosialistisk agitasjon.⁹³

Dette galdt ikkje i mindre grad for Bergen. Det var ei viss frykt for at situasjonen under potetkrigen skulle kome ut av kontroll, slik ein særleg hadde sett det i store oppløp på kontinentet, og styresmaktene var vaksame også i Norge. Den importerte frykten saman med den tidsbestemte situasjonen under Thrane-rørsla sitt klimaks var bakgrunnen for eit militærskriv frå 1851 som gav sivile styresmakter høve til å rekvirere militære styrkar når dei fann det nødvendig. Når regelen stod ved lag også etter at faren frå Thrane var vekke, var det like mykje ei føre-var åtgjerd utløyst av frykt som direkte fare.

På slutten av 1860-talet var det heller ingenting som skulle tilseie revolusjonære eller samfunnsomstyrtande haldningar i Bergen. Den sosiale situasjonen var ikkje spesielt prekær. Tvert om hadde det sidan byrjinga på 1850-talet vore oppgangstider og forholdsvis greitt med arbeid. Sesongvariasjonar i tilgangen på arbeid var det likevel, og bukostnadene i Bergen var også betydelege. Arbeidarbefolkninga i Bergen gjekk likevel ikkje rundt og tenkte på revolusjon. Arbeidarforeininga var upolitisk og filantropisk orientert, og på dei nye store verksemdene kring byen var arbeidarane opptekne av sjukekasser, ikkje samfunnsomstyrtning. Arbeidarklassa i Bergen var i det heile svært lite radikal før 1870-80-talet. Til dømes hadde ikkje byen noko Thrane-rørsla, tvert om hadde den lokale arbeidarforeininga som mål å motarbeide Thranerørsla og liknande agitasjon.

Ei tidlegare sjølvstendig opptreden av arbeidarklassa i Bergen fann stad i mars 1848. Kommunen såg seg nøydd til å bevilge 4000 spd. til ekstraordinært nødsarbeid for å avhjelpe den "ualmindelig Mangel paa Arbeid for Daglønnere, hvilken efter den forventede 2den Stævnes

⁹¹ Sjå til dømes Tove Stang Dahl: *Barnevern og samfunnsansvar. Om Stat, vitenskap og profesjon under barnevernets oppkomst i Norge*, Oslo 1978, s. 9ff.

⁹² Øystein Sørensen: *Anton Martin Schweigaards politiske tenkning*, Universitetsforlaget 1988, s. 157

⁹³ Jens Arup Seip: *Utsikt over Norges historie*. Bind 2: "Tidsrommet ca. 1850-84", Oslo 1981, s. 126f.

Ophør befryktes at blive endnu større [...]".⁹⁴ Arbeidet bestod i pukning og minering av stein og utbetring av vegar. Det vart eit poeng at lønene ved dette arbeidet skulle vere låge. Det skulle berre vere eit lokkande alternativ for dei som verkeleg var utan arbeid, og ikkje utkonkurrere andre private arbeidsgjevarar. Resultatet vart opptøyar blant desse arbeidarane "for at tiltvinge sig høiere Dagløn".⁹⁵ Nokre utsendingar fekk snakke med stiftamtmanden og vart deretter bedt om å gå kvar til sitt av politimeisteren. Det heile enda roleg utan "nogen Molest paa Person eller Eiendom" og arbeidet vart dagen etter tatt opp att. Ingen vart heller arresterte. Det er uklart om målet med aksjonane vart nådd, men dette er ein av dei tidlegaste kjende tilfella av streik for å oppnå høgare løn i Bergen. Slik var dette ein meir moderne aksjon enn potetkrigen. Streik var sjeldne fenomen i Norge på denne tida, men Tore Pryser har påvist at den tyske arbeidaragitatoren Heinrich Anders var i Bergen medan oppløpet i 1848 stod på.⁹⁶ Han var velkjend med streikevåpenet frå kontinentet. I motsetnad til potetkrigen enda dette oppløpet fredelig og avfødde såleis heller ikkje eit tilsvarande kjeldemateriale, og dermed kjenner me mindre til detaljane rundt oppløpet. I kva grad Anders var involvert i dette oppløpet er difor ukjend.

Dette var eit oppløp som gjekk ut frå den bergenske arbeidarklassa sjølv, utan verken initiativtaking eller deltaking frå dei rurale områda slik tilfella var i 1765 og i 1814. Det er også grunn til å påstå at dette oppløpet, trass i det sparsommelege kjeldematerialet det avfødde, i større grad enn potetkrigen markerte arbeidarrørsla si komme. Den viktigaste årsaka til dette er potetkrigen sitt preg av å vere eit reaksjonært opprør, og slik peikar det bakover i tid til andre klassiske matopprør i historia, og ikkje framover mot fagleg og organisert klassekamp der rolla som lønnsfattakar i konflikt med arbeidsgjevarar står sentralt. Oppløpet i 1848 derimot, hadde nettopp slike moderne konfliktdimensjonar, med høgare arbeidsløn som krav og streik som aksjonsform.

I kva grad oppløpet i 1848 var organisert er ukjend, og det same gjeld altså rolla til agitatoren Anders. Sannsynlegvis var det heile ganske spontant utløyst. Også oppløpet i 1868 var lausleg organisert utan klart utmeisla leiarting. Enkelte stod fram som meir sentrale enn andre, men meir på grunn av større iver enn som utvalde representantar. Hendingane om laurdagen var tilfeldige og spontane, og sjølv om det klart føregjekk ei mobilisering til måndagen, var det verken klare strategiar eller målsetjingar for denne mobiliseringa. Det som starta som eit sosialt sinn, utarta seg meir eller mindre spontant til fylleprega gateslag der deltakarane mista det sosiale utgangspunktet av syne og gjorde ein generell aggresjon til målsetjing i seg sjølv.

⁹⁴ Bergenske Blade No 22, 17.3.1848.

⁹⁵ Frå politimeisteren sin rapport til stiftamtmanden, her sitert etter Bergenske Blade No 26, 31.3.1848.

⁹⁶ Tore Pryser: "Internasjonale 'revolusjonære' straumdrag i Noreg 1847-49. Nokre samband på individnivå" i *Gesellar, rebellar og svermarar. Om "farlege folk" omkring 1850*, Oslo 1982, s. 52

Bruken av vald som aksjonsform peikar også mot strategiar nytta i tidlegare opptrinn. Både strilekrigen i 1765 og det tumultuariske opptrinnet i 1814 var valdelege frå bøndene si side. Desse brukte vald og trussel om vald mot styresmakter og i det siste tilfellet også mot borgarar, i tillegg til truslar om vald internt om ikkje oppløpa vart følgd opp. Under strilekrigen var det stiftamtmanden og futen for Nordhordland det gjekk ut over. Dei fekk begge bank på gata av oppøste strilar og redda seg først unna ved å love å betale tilbake skatteinnbetalingar.⁹⁷ I 1814 gjekk det ikkje fullt så valdeleg for seg, men stiftamtmanden vart igjen truga og enkelte kjøpmenn vart henta med makt.⁹⁸

Desse konfrontasjonane enda likevel ikkje med direkte samanstøyt eller gjensidig utveksling av vald mellom opprørarar og styresmakter, slik som i potetkrigen. I strilekrigen vart militære sett valdeleg inn i éin episode, men utan å møte nokon motstand.⁹⁹ Den militære mobiliseringa i ettertid var eit sikringstiltak og enda ikkje opp i konfrontasjonar. Då alarmtrommene signaliserte militær mobilisering i 1814, var også dette opprøret i praksis forbi. I 1848 vart det aldri aktuelt å mobilisere noko ekstern hjelp, knapt nok nødvendig å mobilisere andre enn politimeisteren sjølv. Berre i potetkrigen opplevde ein regelrette valdelege kampar mellom styresmakter ved garnisons- og borgarsoldatar på den eine sida og opprørarar på den andre. Slik skilde potetkrigen seg frå tidlegare opprør, og hadde såleis ein meir alvorleg karakter. Opprørarane viste vilje til konfrontasjon og fysisk motstand når styresmaktene sette inn sitt maktapparat. Dét var nytt, og ein kunne vente at styresmaktene opplevde dette spesielt farleg og skremmande. Det synest likevel ikkje vere tilfelle, snarare tvert om. Underretten avdramatiserte heile opptrinnet i sine domspremiss og gav uttrykk for at det aldri var nokon fare for at situasjonen skulle kome ut av kontroll:

Da voldsomme Anfald paa Militæret maa ogsaa antages at være udførte af mindre Hobe, der samtlige, naar undtages den Hob, som om Aftenen gjorde et Anfald med Støre, have været ubevæbnede, og som det synes med liden Udsigt til enten at kunne sætte de Arresterede i Frihed eller til at bemægtige sig Vaaben fra nogen Flerhed af Militære. Optøjerne synes derfor ikke paa noget Punkt at have antaget nogen særdeles farlig Character, hvor betænkelige og beklagelige de end forøvrigt maa erkjendes at have været, baade fordi de vare af en saadan Beskaffenhed, at de under den raadende ophidsede Stæmning blant den tildeels berusede Mængde noget let kunde og i enkelte Øieblikke endog syntes at være nærved at udarte til almindelig Kamp [...].¹⁰⁰

Underretten opplevde altså at aggresjonen vart utført av få personar og at den i større grad var utløyst av drukkenskap heller enn av sosial aggresjon. Synet på hendingane som styresmaktene her

⁹⁷ Atle Døssland: "Frå 1650 til 1800", band 3 i *Strilesoga*, Bergen 1998, s. 166ff.

⁹⁸ Emma E. Horneman: "Det tumultuariske optrin" *Bergen 1814: et norsk matopptrinn i lys av ulike opprørsteorier*, Hovudoppgåve i historie, UiB 1995, s. 16

⁹⁹ Ein liten militærstyrke på 12-16 mann leia av oberstløytnant Dietrichson kom tilfeldigvis forbi då stiftamtmanden høglydt diskuterte med strilane under den første mobiliseringa 1. mars 1765. Obestløytnanten valde å spre gruppa av bønder med bajonettangrep og slag med kårde og kolbe. (Halvdan Koht: *Norsk bondereising. Fyrebuing til bondepolitikken*, Oslo 1926, s. 294f.

¹⁰⁰ SAB; Byfogd og byskriver i Bergen I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868, Justisactene s. 819.

gav uttrykk for representert ved domstolen, er også interessant taktisk. Eit oppløp som potetkrigen ville vore godt eigna til å legitimere utbygging og effektivisering av styresmaktene sitt maktapparatet og dermed forsterke grepet om ei "fiendtleig" arbeidarklasse.¹⁰¹ Det skjedde altså ikkje, heller ikkje då politiet vart reorganisert nokre år seinare.

På slutten av 1860-talet var det ingenting som skulle tilseie ein "revolusjon" på nokon som helst måte i Bergen. Styresmaktene frykta det ikkje, og me har også sett at retten sjølv vurderte det dit hen at det aldri var nokon fare og at det heller aldri var intensjonen til tumultuantane. Oppløpet var også i sin ånd reaksjonært, ikkje revolusjonært, sjølv om det sklei ut i enkelte valdelege episodar. I potetkrigen var det ingen opprørsleiarar eller agitatorar, berre enkeltpersonar som var meir ivrige enn andre og som slik skilde seg ut. Ein kjenner heller ikkje til at det fann stad nokon form for agitatorverksemd organisert utanfrå. Potetkrigen var ein ad hoc aksjon frå arbeidarane si side, utanfor organiserte former og utan klare strategiar og målsetjingar. Potetkrigen var dramatisk nok då det stod på, men styresmaktene representert med rettsvesenet vart ikkje skremt i ettertid. Sjølv om påtalemakta, med godkjenning frå amtmannen, valde å reagere mot dei som kunne seiast å ha ein leiande funksjon, vart dette avvist av både underretten og høgsterett. Domstolen straffa altså ikkje politisk verksemd etter potetkrigen, men vald og oppfordring til vald eller brot på andre lover. I kva grad domstolen ville ha straffa politisk verksemd om dei hadde oppfatta situasjonen som farleg og vore i stand til å identifisere leiarfigurar, vert naturlegvis hypotetisk.

Det manglande reelle trugsmålet avspeglar seg også i styresmaktene sitt maktapparat. Me har sett at politiet var ute av stand til å handtere oppløp av særleg omfang, og var avhengig av å kalle inn forsterkingar frå garnisonen og borgarvæpninga. Den sistnemnde var ei klassekraft i den forstand at det var særskilte samfunnsgrupper som utgjorde militærroppbødet. Lars Borgersrud omtalte borgarvæpninga si rolle under tumultane som viktig, men at det samtidig var blitt "mektig forhatt av underklassene", utan at han grunngjev eller dokumenterer dette nærare.¹⁰² Kjeldematerialet opnar ikkje for ein slik påstand. Den borgarlege infanteribataljonen ytte etterkvart bidrag til forsvaret av dei offentlege institusjonane ved å forsterke rekkene til militæret og slik motstå presset frå folkemassane. Men dei viste seg temmeleg hjelpelause i det sjølvstendige forsøket på å rydde Rådstuplassen og enda opp med ei kaotisk og heller pinleg tilbaketrekking.

Borgarvæpninga var på mange måtar ikkje rare militærkrafta. Den var i stor grad forsømt og utan særleg entusiastiske medlemmer. Tilstanden til organisasjonen var representativ for den likesæla for den såkalla "indre trussel" som både styresmaktene bar preg av. Anthon M. Wiesener skreiv i

¹⁰¹ Slik legitimering er mykje omtala i engelsk kriminalitetshistorie. Sjå både til dømes Jennifer Davis: "The Londond Garotting Panic of 1862: A Moral Panic and the Creation of a Criminal Class in Mid-Victorian England" i *Crime and the Law. The Social History of Crime in Western Europe since 1500*, London 1980 og V.A.C. Gatrell: "Crime, authority and the police-man state", band 3 i *The Cambridge Social History of Britain 1750-1950*, Cambridge University Press 1990

¹⁰² Borgersrud 1979, s. 142ff.

1914 at borgarvæpninga i 1850-åra var prega av ei slapp militær ånd, noko også avisene tok opp. Han illustrerte dette med Bergensposten frå 1856 som klaga over at borgarsoldatane lot barna bære geværa til og frå eksersisplassen.¹⁰³ Borgarane si likesæle vart også tydleg demonstrert året før potetkrigen. Etter våpenøvinga i 1867 vart heile 110 underoffiserar og menige i artilleribataljonen tiltala i den borgarlege militærretten for ikkje å ha møtt fram til øvinga.¹⁰⁴ Øvingsverksemda til bataljonen var prega av rot og kaos i ein slik grad at stadshauptmannen sine lister over kven som var fråverande vart oppfatta som altfor upålitelege til å kunne nyttast som bevis i rettsoppgjeret i etterkant. Samtidig gav militærretten uttrykk for at

*[...] der inden Artilleribataljonen i det Hele taget har vist sig en kjendelig Mangel paa Sands for de militære Øvelser, i den Grad at disse ved et Kompagni i endog fire Gange i Høsten 1867 maatte indstilles, fordi flere af Officerene ikke fremmødte og at der efter det under Sagen Oplyste intet er gjort, forat bringe Reglementets Bestemmelser, den egentlige Tjeneste vedkommende, til Mandskabernes Kunskab [...]*¹⁰⁵

Informasjon om øvingsverksemd vart ikkje i god nok grad formidla nedover i organisasjonen. Kaoset enda med at saka vart fråfalt for 61 av dei tiltalte før den vart teken til doms, for 11 vart saka avvist av retten og 12 vart til slutt frikjende. Saka illustrerer både enkeltindivid i borgarvæpninga sine haldningar til tryggingssoppgåvene dei var pålagde og den generelle beredskapen til organisasjonen. Heller ikkje styresmaktene bar syndarleg preg av å ønske ei godt trent og dermed førebudd borgarvæpning. Same veka som potetkrigen braut ut hadde artilleribataljonen ei fem dagar lang øving som vart avslutta med skyteøving på fredagen. I samsvar med eit vedtak frå 1850 kunne bataljonen be om å få utlevert eitt skarpt skot og eitt lausskot frå arsenalet på Bergenhus for kvar tredje mann som deltok i øvinga.¹⁰⁶ Med andre ord fekk kvar soldat berre øvd seg i skarpskyting kvar tredje øving, og det med éitt einaste skot. Det vitnar ikkje om at frykta for den ”indre trusselen” skremde styresmaktene tilstrekkeleg til å bygge ut og forsterke eit maktapparat dei kunne setje inn i ein klassekamp. Symptomatisk sende borgaroffiserar i artilleribataljonen hausten 1868 søknad til kongen om å oppheve heile borgarvæpninga. Stadshauptmannen gjekk imot forslaget, men hadde vanskar med å grunngje kva funksjonar særleg artilleribataljonen eigentleg oppfylte. Den tyngste innvendinga hans mot avvikling galdt difor funksjonen denne hadde som vaktstyrke om natta, ikkje som beredskap mot indre fiendar.

Slik situasjonen utvikla seg under potetkrigen, hadde ikkje politimeisteren særleg andre val enn å innkalle militær hjelp. Men det var ikkje for å kjempe ein klassekamp, men for å få kontroll med ein ordenssituasjon som var ute av kontroll. Det var ikkje gjensidig beundring som prega forholdet mellom samfunnsgruppene i Bergen, men det var heller ikkje klassekamp som prega det.

¹⁰³ Anthon M. Wiesener: “Bergen Borgervæpning, Bergen 1814-1914”, band I i *Bergen 1814-1914*, Bergen 1914, s. 468.

¹⁰⁴ BB; Borgarvæpn. Justis- og Domsprot. 1856-81. fol 143.

¹⁰⁵ BB; Borgarvæpn. Justis- og Domsprot. 1856-81. fol 143.

¹⁰⁶ BB; Borgervæpn. Brev til Stadshauptmanden 1866-68, Brev frå kommandantskapet på Bergenhus festning

Vald mot ordensmakta var uttrykk for at tumultuantane meinte at styresmaktene ikkje ivaretok deira interesser. Men det er ikkje uttrykk for ønske om samfunnsomstyrting, snarare ei naiv forståing av korleis styringsapparatet fungerte.

Avslutning

Når styresmaktene kjende seg trua nok, kunne dei setje i verk kraftige mottiltak som vanskeleg kan forståast utanfor eit klassekamp-perspektiv. Måten dei handsama Thrane-rørsla på viser det tydeleg nok. Men styresmaktene opplevde ikkje trusselen mot samfunnsstrukturane som konstant reell. Det gjaldt i særleg i Bergen. Arbeidarklassa her var svært lite radikal før 1870-80-talet. På 1860-talet var Bergen prega av ei gryande sosial og økonomisk modernisering, men det prega enno ikkje befolkning og styresmakter sitt syn på sosiale relasjonar. Tumultuantane i 1868 hadde reaksjonære, ikkje revolusjonære, målsetjingar, og aksjonsformene deira var tradisjonelle. Opprøret var ei ordensmessig utfordring for styresmaktene, men det utfordra ikkje samfunnsstrukturane. Styresmaktene i byen frykta ikkje arbeidarbefolkninga fordi den var konservativ og i liten grad utgjorde nokon ideologisk trussel. Derfor fungerte maktbruken også meir som ordensmakt enn som klassemakt. Etter episoden i 1848 er det først på 1870-talet ein ser dei første arbeidarkonfliktane av moderne type, og først på 1880-talet ser ein den første verkelege sosialist-påverka arbeidarorganiseringa i Bergen. Først då byrja det å vekse fram medvit om klassekonflikt og utarbeiding av beredskap frå styresmaktene si side.

Sjølv om militære styrkar hadde viktige ordensoppgåver, viser potetkrigen i 1868 likevel at ein skal ein vere forsiktig med å redusere ein kvar bruk av valdsmakt frå styresmaktene si side til konspiratoriske klassestrategiar, i alle fall før 1880-talet. Styresmaktene følte seg rett og slett ikkje trua nok til det.

Kjelder:

Statsarkivet i Bergen (SAB):

Stiftamtmanden i Bergen. Journalsaker 1531-2105
 Byfogd og byskriver i Bergen. I.D.a.65 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen) 1868.
 Bergens Kommandantskab. Rapportjournal for Bergenhus festnings hovedvagt 1868-6
 Bergens Kommandantskab. 24. Korrespondance-protokoll 1864-71
 Politimesteren i Bergen. Kopibok B, Nr. 11 1866-75
 Politimesteren i Bergen Forretningsjournal 5, 1867-70

Bergen byarkiv (BB):

Borgervæpningen. Brev til Stadshauptmanden 1866-68.
 Borgarvæpn. Justis- og Domsprot. 1856-81

Bergen offentlege bibliotek:

En næsten ny vise om Poteteskrigen i Bergen i Sommeren 1868

Andre:

Bergen Kommunes Forhandlinger i åra fram mot 1874
Norsk Retstidende, Christiania 1870

Bergens Tidende
 Bergens Adressecontors Efterretninger
 Bergensposten
 Bergenske Blade
 Norsk Folkeblad

Litteratur:

- Nils Ivar Agøy: *Militæretaten og "den indre fiende" fra 1905 til 1940*, Oslo 1994
- Roald Berg: "Profesjon - Union - Nasjon, band 2 i *Norsk forsvarshistorie*, Bergen 2001
- Lars Borgersrud (Ottar Strømme): *Våpen mot folket, særleg første bind: I tilfelle opprør. Det norske militærapparatet fra 1814 til 1905*, Oktober forlag 1979
- Lars Borgersrud: *Konspirasjon og kapitulasjon. Nytt lys på forsvarshistorien fra 1814 til 1940*, Oktober forlag 2000.
- Edvard Bull i *Arbeiderbevegelsens historie*, band 1, Oslo 1985
- Jennifer Davis: "The Londond Garotting Panic of 1862: A Moral Panic and the Creation of a Criminal Class in Mid-Victorian England" i *Crime and the Law. The Social History of Crime in Western Europe since 1500*, London 198
- Atle Døssland: "Frå 1650 til 1800", band 3 i *Strilesoga*, Bergen 1998
- Egil Ertresvåg: *Bergen bys historie*, Bergen 1982
- Fredrik Fagertun: "Mellom konspirasjoner, militæraksjoner og indre fiender. Noen kommentarer til Lars Borgersruds bok *Konspirasjon og kapitulasjon*" i *Historisk Tidsskrift* band 80, 2001
- A.B.Fossen og E.Ertresvaag: *Til indvohnernes større Sicherheit. Bergen Politikammer 1692-1992*, Bergen 1992
- V.A.C. Gatrell: "Crime, authority and the police-man state", band 3 i *The Cambridge Social History of Britain 1750-1950*, Cambridge University Press 1990
- Amund Helland: *Norges land og folk topografisk-statistisk beskrevet. Bergen*, band I, Kristiania 1916
- Emma E. Horneman: "Det tumultuariske optrin" *Bergen 1814: et norsk matopptrin i lys av ulike opprørsteorier*, Hovudoppgåve i historie, UiB 1995
- Halvdan Koht: *Norsk bondereising. Fyrebuing til bondepolitikken*, Oslo 1926
- Tore Pryser: "Internasjonale 'revolusjonære' straumdrag i Noreg 1847-49. Nokre samband på individnivå" i *Gesellar, rebellar og svermarar. Om "farlege folk" omkring 1850*, Oslo 1982
- Jens Arup Seip: *Utsikt over Norges historie. Bind 2: "Tidsrommet ca. 1850-84"*, Oslo 1981
- Arne Skivenes: *Sophus Pihls rolle i dansk og norsk arbeiderbevegelse : en politisk biografi*, Bergen 1976
- Tove Stang Dahl: *Barnevern og samfunnsansvar. Om Stat, vitskap og profesjon under barnevernets oppkomst i Norge*, Oslo 1978
- Øystein Sørensen: *Anton Martin Schweigaards politiske tenkning*, Universitetsforlaget 1988
- Anthon M. Wiesener: "Bergen Borgervæpning, Bergen 1814-1914", band I i *Bergen 1814-1914*, Bergen 1914
- Frode Ulvund: "Byens udskud"? : *ein studie av karrierar som innsett i tvangsarbeids- og straffanstaltar i Bergen ca. 1850-75*, Bergen 2002